

KOMMUNALT INFORMASJONSMAGASIN FRÅ LUSTER KOMMUNE

LUSTRA

17. årgang

nytt

Nr. 2 • 2012



Ordføraren har ordet

Sjølv om det i skrivande stund framleis er godt skiføre i store deler av kommunen vår over 1000 moh., må me seie at sommaren er kome. Ein av dei mange fascinasjonane med å bu i Luster er at når siloslåtten går for fullt ved Lustrafjorden, kan andre ta topptur på ski i Lustrafjella.

Mai og juni månad er ein hektisk periode for mange, det er vårarbeid, nasjonaldag, konfirmasjonar, avslutningsfestar, dugnadar, eksamen og skuleavslutning. Alt skal gjerast unna før sommaren tek til for alvor.

Slik er det og i det politiske ”årshjulet”. Medan nyåret er relativt roleg har førsommaren eit tett-pakka program med mykje møte og mange saker til politisk handsaming. Det er viktig å få avgjerd i saker før sommaren slik at innbyggjarar og bedrifter slepp å vente til utpå hausten for endeleg svar.

Gjennomgang av kommuneøkonomien

I kommunestyret sitt budsjettvedtak i desember vart det vedteke å ta ein større gjennomgang av økonomien i kommunen. Situasjonen no er slik at me brukar meir enn me ”tenar”. Kommunestyret måtte i budsjettmøtet vedta å ta ca 7,6 millionar kroner i 2012 frå disposisjonsfondet inn i drifta for å balansere budsjettet. Vidare legg økonomiplanen 2013-2015 opp til å ta 4,6 mill. årleg også frå disposisjonsfondet. Det er og slik at rekneskapen for 2011 på driftssida vart litt därlegare enn rekna med.

Som me alle veit: Viss me overfører pengar frå sparekontoen til lønnskontoen vår kva månad, vil det før eller seinare seie stopp. Slik er det også i kommunen. Kommunestyret har derfor bedt formannskapet om å koma med eit forslag på korleis budsjettet og økonomiplanen kan balansere utan bruk av fond. Kommunestyret har også vedteke at kommunen sine årlege låneopptak ikkje skal overstige 18 millionar i året.

Formannskapet har hatt ein grundig og ryddig prosess på dette i vinter. Det vil vere eit mål for formannskapet i så liten grad som mogeleg å gå inn i tiltak og endringar som vil vere til det negative for innbyggjarar, brukargrupper og tilsette. Over sommarferien vil formannskapet leggja fram resultatet av arbeidet sitt for kommunestyret som grunnlag for utarbeiding av budsjettet for 2013 og økonomiplanen.



Litt hjelp har formannskapet fått i regjeringa sin kommuneøkonomiproposisjon som kom no i mai. Her ynskjer kommunalministaren å styrke kommuneøkonomien ytterlegare. For Luster kommune utgjer dette ca 4 mill årleg i auka overføringer frå staten. Desse pengane kjem vel med.

Økonomien til Luster kommune er framleis god, men eg meiner likevel det er rett at me styrkar posisjonen litt, me må ta nokre grep alt no. Det er alltid sunt med ein gjennomgang på kostnadssida; det gjeld å nytte pengane på ein god måte og til det beste for lusteringane.

Til slutt vonar eg at sommaren i år kjem med gode badetemperaturar, sol og varme. Legg gjerne eit par feriedagar til turar i eigen kommune for å sjå alt det flotte me har å by på.

God sommar!

ordførar

Rådmannen har ordet:

Utvikling og utfordringar

Skifte av rådmann fører ikkje til dei store endringane, får ein tru. At rådmannen skriv nokre ord i Lustranytt, er noko som held fram sjølv om skribenten er ny.

Rett over påske tok eg fatt på rådmannsjobben i Luster kommune. For meg er det utvikling og utfordringar som det er kjekt å gå laus på. Eg takkar kommunestyret for tilliten med å tilsetja meg og ser fram til godt samarbeid med dei og alle i Luster kommune.

Fleire som har ynskt meg lukke til i jobben har no gjerne hatt ein kommentar som at: "Du kan no vel ha det betre enn å vere rådmann?" Men dei fleste hadde gjerne og ein kommentar om at om ein først skulle vere rådmann, så er no vel Luster ein bra kommune å vere rådmann i. Ja, kanskje er det mykje sant i begge desse synspunkta, og eg reflekterte nok over begge desse før eg søkte jobben.

Dei fleste vil vere samde i at rådmannsjobben til tider kan vere krevjande med mykje og variert arbeid og ikkje så heilt lite ansvar. Samtidig så er det ein interessant leiarjobb. Spesielt

interessant i Luster med god økonomi, god utvikling og mange gode medarbeidarar til å gjera jobben. Eg har vore nær medarbeidar med Tore, tidlegare rådmann, ein del år og trur eg veit kva eg går til.

Eg meiner og at ting er godt "på stell" i Luster og det vert min jobb å sikra kontinuitet, sjá til at me i fellesskap kan forvalta og drifta godt vidare, arbeide for ei god utvikling og ta tak i dei utfordringane som kjem.

Etter meir enn 20 år som lokalpolitikar i kommune og fylke, derav 10 år som ordførar i Sogndal, og no ein del år som byråkrat i Luster kommune, er bakgrunnen variert til å prøve seg som rådmann. Politisk delta-killing og større styreverv er no lagt bort og det vert rådmannsjobb for full musikk.

Balansen mellom utvikling og utfordringar er gjerne eit forhold som gjer rådmannsjobben ekstra interessant og krevjande. Luster har dei siste åra hatt ei positiv utvikling med auke i folketal, bra utvikling i næringsprosjekt og gjennomføring av store kommunale byggeprosjekt. Ingen



skal likevel vere i tvil om at det i Luster er mykje å arbeide med for å sikra ei vidare god utvikling. Det er og slik at visse økonomiske utfordringar i kommuneøkonomien har kome til syne og me må gjere ein jobbe for betra balansen mellom inntekter og utgifter.

I dette arbeidet håpar eg me skal verte endå flinkare enn me har vore på utviklings- og endringsarbeid i kommunen. Med såpass god kommuneøkonomi som me har i Luster, så kan faktisk det vere ei utfordring i å få til godt utviklings- og endringsarbeid. God økonomi kan verte ei sovepute i staden for å vere den beste føresetnaden for å få til framtidsretta løysingar. For ofte kjem utviklingsarbeid av at dårlig økonomi tvingar fram endringar.

Starten på arbeidet som rådmann har vore hektisk og interessant. Eg har mange gode medarbeidarar som stiller opp på ein flott måte. Med referanse og erfaring frå lang fartstid på fotballbana, rett nok for lenge sida, håpar eg at eg skal verte ein "god lagspelar og ein solid kaptein på laget".



*BesteBakken
på Hafslo
vart Årets
bedrift 2012.
Her får
Lindis og
Odd Geir
Alme over-
rekt ein
akvarell med
motiv frå
Ringstidane
av ordførar
Ivar Kvalen.
Signe Fortun
Weka er
kunstnaren.*

BesteBakken årets bedrift

- "Årets bedrift 2012" går i år til BesteBakken og Lindis Alme. Eg vil be Lindis Alme og mann hennar, Odd Geir, om å komme opp på scenen, sa ordførar Ivar Kvalen då han delte ut prisen under Lustramarknaden. – Dette er ei bedrift som er vel 10 år gammal, og er ei bedrift som har utvikla seg positivt på fleire område desse åra.

Grunngjevinga

Den 29.8.2001 kunne Lindis ta i

mot dei fyrste gjestene på BesteBakken på Hafslo. Dette var representantar frå Norges Forskningsråd. Det vart "kjærleik ved første blikk", faktisk har Norges Forskningsråd komme attende til BesteBakken på denne datoën kvart år etterpå, dei har booka i 2012 også.

Før opninga i 2001 hadde det vore arbeidd i omlag eitt og eit halvt år med å byggje det gamle småbruket om til BesteBakken. Lindis såg at småbruket kunne

bli ein ressurs, her var atmosfære og ho gjekk for ei satsing. I fyrste omgang serveringslokale, møterom og fem overnattingsrom.

Gjestene kom jamt og trutt – første driftsåret var det 500.000 kroner i omsetning. I 2004 kom det eit nytt byggjesteg: Fjøsen vart gjord om til 10 overnattingsrom. Alle romma med ulik innreiing og med original kunst på veggene.

Neste satsinga var Spa. Lindis utvikla eit Spa-tilbod, og særleg etter at ho starta samarbeidet med Mariska Solheim har dette vorte viktig. Som ein del av Spasatsinga, har Lindis også utvikla ein eigen hudpleieserie basert på 11000 år gammal leire frå botn av Hafslvatnet. Desse eksklusive produkta kan du kjøpe på BesteBakken, i New York og Miami.

Lindis har utan tvil nådd godt ut i marknaden. Ho nyttar likevel ikkje peng på annonsering.

"Årets bedrift"

Utdelinga av prisen "Årets bedrift i Luster" er ei årleg tilskipping på Lustramarknaden. I år 2012 er det 22. gongen denne utmerkinga vert delt ut. Det er næringsutvalet i Luster kommune som avgjer kven som får prisen.

I statuttane for tildelinga står det mellom anna: "Prisen som årets bedrift er ei honnørutmerking. Prisen vert delt ut til ei bedrift som på ein positiv måte har utmerka seg. Prisen kan gå til etablerte føretak, nyetableringar eller knoppskytingar".

Bjarne Leirmo

100 år

Ordførar Ivar Kvalen besøkte den spreke 100 års jubilanten på dagen som vart feira på Hafslo omsorgsenter 1. mai i lag med familien. Bjarne har svært godt hugse og fortalte livleg m.a. om oppveksten på garden Leirmo, der han vaks opp som nr 10 i syskjenflokk på 12. Han fortalte om det å vera lensmann i gamle og nye Luster. Bjarne nyttar høve å rosa Luster kommune for god eldreomsorg.



Lindis har vore utruleg flink til å få redaksjonell omtale; både i aviser og i vekeblad. Gjensal er kanskje det viktigaste i marknadsarbeidet hennar. Nøgne kundar kjem att gong på gong på gong.

Maten er viktig på BesteBakken. Lindis dreg særleg fram samarbeidet med kokken Noralf Langeteig som viktig for å få plass menyane på BesteBakken.

Lokalbaserte råstoff med historie, men med nye måtar å kombinere smakar på er hemmelegheita. Det er og slik at ved alle måltid vert maten presentert med ei forteljing om både råvarene som er nytta og tilbereddinga av desse.

Lindis har så langt investert nær 12 millionar i anlegget sitt i BesteBakken. I 2011 var omsetninga 3.8 mill. kroner. På topp

er det opp til sju personar i sving på BesteBakken, men det er tre faste personar som jobbar her.

I grunngjevinga si for prisen "Årets bedrift" seier næringsutvalet:

Lindis Alme har bygd opp BesteBakken til ei solid verksamhethet dei siste ti åra. Verksamheden har utvikla ein høg kvalitet på produktet sitt. Det har vore ein stor eigeninnsats i heile perioden.

Lindis Alme har vore flink til å skape positiv merksemrd kring bedriften si, noko som og er bra for reiselivet elles i regionen og Luster kommune.

BesteBakken har vore i stadig utvikling, og har oppnådd det alle reiselivsbedrifter drøymer om. Nøgne gjester som vert gode marknadsførarar av BesteBakken.

Til lukke med prisen som årets bedrift i Luster kommune 2012! avslutta ordføraren, og overrekte ein flott akvarell med motiv frå Ringsdalen, laga av fortun-kunstnaren Signe Fortun Weka.



Her vert prisvinnarane gratulert av kunstnaren sjølv, Signe Fortun Weka (t.v.) og Mariska Solheim som har mykje av det "sanselege" tilbodet ved BesteBakken.

Nytilsette



May Iren Lund

May Iren er ei dame på 51 år, gift og har 4 vaksne barn. Ho kjem frå Skjåk øvst oppi Ottadalen, flytta i 1980. Har budd litt her og der, mellom anna i Trondheim, Fauske i Nord-land, Bærum og eit par år i Nepal før ho fann at Luster var staden.

May Iren har jobba med diverse, men alltid med folk. Ho er utdanna sosionom og har jobba innan sosial – barnevern i fleire år.

Dei siste åra jobba ho i NAV Sogndal før ho 15. februar starta som rådgjevar ved NAV Luster. NAV Luster ønskjer May Iren velkommen og håpar at eit godt arbeidsmiljø, gode samarbeidspartar, samt betre tid til fri-tidsaktivitetar (som ho seier) gjer at ho vil trivast hjå oss.



Hanne Bisgaard leiar på NAV Hanne har vikariert som NAV-leiar i eit års tid, og er no fast tilsett.



Avdelinga har fått tilsett lege, Anne Kjær Smidt (t.v.), i 50 % stilling og avd.leiar, Henriette Sandvik, i 100 % stilling.

Korttidsavdelinga

1. januar 2012 var startskotet for Bjarne Håkon Hansen si reform innan helsevesenet. Samhandlingsreforma er ei reform som skal visa veg framover, og er eit resultat av eit samfunn i endring.

Helsevesenet møter stadig nye utfordringar: Lengre levetid, økonomiske utfordringar, livsstilsjukdomar og stadig færre som vil utdanne seg til helsearbeidarar.

Som ei følge av reforma, fekk vi i januar 2012 to nye lover: Helse- og omsorgstjenesteloven og Folkehelseloven.

Dei nye lovene forpliktar kommunane til å ta meir ansvar for innbyggjarane. Det som vert forventa av kommunane er at sjuke/pleietrengande får tenester og behandling så nær heimen som mogleg, og at kommunane må ta i mot utskrivningsklare pasientar frå første

dag. Sjukehus og kommune må samarbeide på ein god måte. Kommunen får i tillegg plikt til å etablere tilbod om augeblickslege hjelp innan 2016. Dette er eit døgntilbod for pasientar som har behov for akutt hjelp eller observasjon.

Som ei følge av lovendringa, vedtok kommunestyret i februar at Luster kommune vil opprette ei korttidsavdeling.

Avdelinga får namnet Korttidsavdelinga og er lokalisert til avd. Gaupne (Gaupne omsorgssenter). For dei som er godt kjende, er dette gruppe 4 på omsorgssenteret. Dei pasientane som bur på den gruppa i dag, må etter kvart flyttast til andre grupper på huset.

Korttidsavdelinga skal ha kompetanse og utstyr til å behandle pasientar som t.d. har infeksjonar, treng væsketilførsel, har kols, eller må ha opptrening

Pasient Kjellbjørg Smedegård på korttidsavdelinga flankert av lege Anne Kjær Smidt (t.v.) og sjukepleiar Tone Thomassen.

etter t.d. brotskader. For å stetta kravet om augeblikkeleg hjelptilbod, har kommunestyret vedteke påbygging av åtte rom ved Gaupne omsorgssenter, der fire av desse er tiltenkt augeblikkeleg hjelp. Dessutan vert det bygd på to nye rom på gruppe 2 og gruppe 4. Dette vert langtidsplassar. Til saman vil avd. Gaupne då ha 20 langtidsplassar, 8 plassar på korttidsavdelinga og etter kvart 4 plassar til augeblikkeleg hjelp. Etter sommaren, nærmere bestemt 27. august, starter korttidsavdelinga opp. Det vert ei gradvis oppstart og pasientane med langtidsplass, som framleis har rom i denne avdelinga, skal sjølvsagt få den same hjelpa som no.

Stillingar i korttidsavdelinga er utlyst internt og tilsettingsprosessen er i gang. Dette vil bli ei avdeling med hovudvekt på sjukepleiarar. Dei som vert tilsett her får overflytting til denne avdelinga i den stillingsprosenten dei eig i Luster kommune pr. i dag. Det er legestilling på 50% og avd.leiarstilling på 20% som er nyopprettet stillinger.

Avdelinga har fått tilsett lege, Anne Kjær Smidt, i 50 % stilling og avd.leiar, Henriette Sandvik, i 100 % stilling. Anne starta i stillinga i byrjinga av mai, og har "teke over" ansvaret for pasientane som bur på gruppe 4.

Henriette har starta opp i 20 % av stillinga si på avdelinga.

Begge jobbar no med å bygge opp avdelinga, lage prosedyrar, få på plass rett utstyr, og får opplæring i form av kurs og hospitering på sjukehus. Alle som vil jobbe på denne avdelinga må være villige til å reise på kurs og delta i hospitering på



sjukehusa. Fagleg dyktigheit og kompetanse vert prioritert høgt, og er særskilt viktig på ei slik avdeling.

Avdelinga i Gaupne har, sjølv om korttidsavdelinga ikkje formelt er i drift, likevel takla fleire oppgåver og utfordringar som har dukka opp. Dei har blant anna gitt fleire heimebuande pasientar tilbod om intravenøs

behandling lokalt, i staden for at dei må reise på sjukehus dagleg, eller fleire gonger pr. veke.

Tilsette på avd. Gaupne har takla dette flott. I tillegg har ein god støtte av sjukeheimslegen ved behov. Tilbakemeldingane frå pasientane er gode. Informasjon til pårørande ved avd. Gaupne er planlagd i juni månad.

Framleis lokal legevakt i Luster

Kommunestyret har handsama invitasjon frå Lærdal kommune om deltaking i Sogn Lokalmedisinske senter på Lærdal.

På grunnlag av at Luster kommune har eige legevakttilbod og er i ferd med å etablere eiga korttidsavdeling og augeblikkleg hjelptilbod, har kommunestyret i Luster sagt nei til å delta i Sogn Lokalmedisinske senter sitt tilbod om legevakt, akuttsenger og intermediære senger (sjå omtale nederst på side 4).

Luster kommune vil likevel delta i anna samarbeid om lokalmedisinsk tilbod.

Fem oppvekstsenter i Luster kommune

Luster kommunestyret vedtok i budsjettmøtet i desember 2010 følgjande:

"Det skal arbeidast for å få på plass 5 oppvekstsenter med verknad frå august 2012. Desse skal etablerast i bygdene Skjolden, Dale/Luster, Jostedal, Indre Hafslo og Solvorn."

1. august 2012 vert det dermed etablert, og starta fem oppvekstsenter i Luster kommune.

Barnehagane og skulane i bygdene Skjolden, Luster, Jostedal, Indre Hafslo og Solvorn vil då verte oppvekstsenter.

Barnehagen og skulen i desse bygdene vert samla i ei eining under oppvekstsenteret. Kvart oppvekstsenter vil og ha skulefritidsordning.

I dag er dette to mindre einingar i kvar bygd, no vil ein få ei større samla eining, og ein vert meir robuste, og mulegheit til vidare utvikling og samarbeid vert endå betre.

Kva betyr dette for borna & forældra?

I praksis vil det bety at ein vil få betre mulegheit til tettare samarbeid mellom barnehagen og skulen. Det vert felles leiing for oppvekstsenteret med rektor/styrar og assisterande rektor/styrar. Assisterande rektor/styrar vil og vere pedagogisk leiar for barnehagen. Barnehagane og skulane har allereie eit godt samarbeid i dag, men no vert det eit endå tettare samarbeid, og det gir fleire mulegheiter. Ein vil samstundes få samkjørt mykje felles oppgåver administrativt, og det vert ei større personalgruppe.



Solvorn barnehage & Solvorn skule vert Solvorn oppvekstsenter frå 1. august 2012.

Kvart oppvekstsenter får si eiga heimeside, som vil vere operativ frå 1. august 2012. Her vil ein finne mykje god og nyttig informasjon.

Leiinga ved kvart oppvekstsenter vert slik:

Skjolden oppvekstsenter: Ellen Havellen. Assisterande: Anna Sissel Fuglesteg.

Luster oppvekstsenter: Elisabeth

Marie Norman. Assisterande:

Lena Stai Bolstad

Jostedal oppvekstsenter: Mette F.

Reinertsen. Assisterande:

Oddbjørg Ese.

Indre Hafslo oppvekstsenter:

Kjetil Sønnesyn. Assisterande: Heidi Karin Teigen Njøs.

Solvorn oppvekstsenter: Kjell Ertesvåg. Assisterande: Berit Haganes.

Stopp i transporttilbodet for ungdom

På grunn av usikkerheit rundt den økonomiske situasjonen for det lokale transporttilbodet har Ungdommens kommunestyre vedteke å stoppa tilbodet inntil vidare.

Lustrapolitikarane vil ha nabokommunane med på Fairtrade-laget.
F.v.: Ordførar Ivar Kvalen, Hanne Teigen og Anette Stegegjerdet Norberg.

Fairtrade

Luster vil ha nabo-kommunane med på laget

Ordføraren i Luster har skrive brev til Sogn Regionråd:

På neste møte i Sogn Regionråd vil ordføraren i Luster informere om saka, og be kommunane i Indre Sogn engasjere seg i dette arbeidet.


Luster kommune vart Fairtradekommune våren 2009.

Fairtrade arbeider for at internasjonal handel skal føregå på eit grunnlag som set folk i stand til å leva – ikkje berre overleva.



Ved at ein handlar Fairtrademerka produkt bidreg ein til at dei som har produsert vara kan forsyta seg sjølv og familien sin, utan å vera avhengig av hjelp og bistand. Med dette får dei høve til å skapa si eiga framtid og bidra til å byggja opp sitt eige lokalsamfunn. Ved å handla Fairtrademerka varer viser me solidaritet for produsentane og lokalsamfunna i utviklingsland.

Det er to kommunar i Sogn og Fjordane som er Fairtrade-kommunar, Flora og Luster. No vil me sterkt oppmoda dei andre kommunane i Sogn Regionråd om å engasjere seg i saka og legge til rette for at innbyggjarane og verksemder får høve til å visa solidaritet gjennom rettferdig handel. Bli gjerne Fairtrade-kommunar de òg!



Ny pumpestasjon på Grandmo

Pumpestasjonen på Grandmo i Gaupne var klar for utskifting. Ved prosjektering av ny pumpestasjon var det i tillegg til å få ein fungerande stasjon, viktig å endre eit noko uheldig køyremønster til Idrettshallen. I staden for ”rundkjøring” rundt gamal pumpestasjonen vart det i løpet av mars 2012 montert ny pumpestasjon på friområdet mot idrettslagshuset. Gamal stasjon med tidvis kloakklukt vart fjerna og gang-/sykkelvegen lagt utanom ny stasjon. Løysinga gjer eit betre skilje mellom veg- og gangareal. Luster kommune håpar dette blir ei god og trafikksikker løysing for alle vegfarande i området.



Mattedag ved Jostedal skule. Fotograf: Mattelærar Jostein Aasen.

Temaøkt i kommunestyret: Tilstandsrapport grunnskulen og Fysisk aktivitet i skulen

Det er fastsett i Opplæringslova at skuleeigar pliktar å utarbeida ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. Tilstandsrapporten for grunnskulen i Luster vart lagd fram for kommunestyret den 14. juni. Rapporten viser mellom anna læringsresultat frå nasjonale prøvar, eksamen og grunnskulepoeng som elevane i Luster har oppnådd når dei går ut av grunnskulen. I rapporten ligg det og resultat frå nasjonale elevundersøkingar om læringsmiljøet til elevane. Det vert konkludert med god trivsel, godt læringsmiljø og fine faglege resultat. Luster har som mål å

prestera like godt som gjennomsnittet for fylket vårt og over landsgjennomsnittet, både på læringsmiljø og på faglege resultat. Dette målet er nådd i 2011 -12, og det er ei klar målsetjing vidare. Rapporten viser og til utfordringar som skulen har og som det må arbeidast vidare med innanfor spesialpedagogisk undervisning og for å redusera talet på elevar som fell ut av vidaregåande skule. Sjølv om resultatet på læringsmiljø er godt vil det alltid vera ei stor utfordring om det er elevar i skulen som ikkje trivst.

Temaøkta vart avslutta med spørsmål frå kommunestyremedlemene.

Fysisk aktivitet

Bjarte Ramstad, rektor ved Trudvang skule i Sogndal, hadde eit interessant foredrag der han viste korleis ein kan gjennomføra fysisk aktivitet i skulen, både gjennom kroppsøving, aktivitar i friminuttane og ikkje minst korleis ein kan få til slik aktivitet samkjørt med fag som matematikk, engelsk osv. Temaet for foredraget var: Fysisk aktivitet; eit heilskapleg kompetansebasert system for



Oppvekstleiar Inger Marie Evjestaad og Kjell Ertesvåg la fram tilstandsrapporten for grunnskulen for kommunestyret.

dagleg aktivitet for alle i eit folkehelse- og pedagogisk perspektiv.

Bjarte var oppteken av korleis fysisk aktivitet kan påverka alle sider ved helsa til elevane no og i framtida. Han meinte og at auka fysisk aktivitet ville påverka faglege prestasjonar, trivsel og sosial utvikling. Han viste også til samarbeid med skular i

Luster på temaet.

Temaet vart følgt opp med spørsmål og det vart vist stor interesse for innhaldet med omsyn til Lustraskulen.

Svært godt eksamensresultat

For elevane i 10 klasse, både på Hafslø barne og ungdomsskule og Luster ungdomsskule var det munnleg eksamen denne dagen.

Resultatet
var svært for-
gott om kor-
leis ein kan
gjennomföra
fysisk akti-
vitet i skulen.



Bandtvang

- § 1. Eigar eller innehavar av hund i Luster kommune skal halda hunden i band eller forsvarleg innestengd eller inngjerda i tida frå og med 1. april til og med 1. november i dei områda der husdyr har rett til å beita og faktisk beitar.
- § 2. Denne forskrifta gjeld ikkje for:
 - a) dresserte gjeterhundar i arbeid.
 - b) tenestehund i arbeid, samt under lovleg trening eller prøving.
 - c) hund nytta i ettersøk etter såra eller sjukt vilt.
 - d) jakthundar som vert nytta under lovleg jakt, samt under lovleg trening eller prøving og som blir følgd på forsvarleg måte av eigar eller innehavar.
 - e) hund nytta til lovleg uttak av rovvilt.
 - f) organisert trening av brukshundar.
- § 3. Brot på denne forskrifta er straffbart, sjå lov 4. juli 2003 nr. 74 om hundehold (hundeloven) § 28.





Resultat brukarundersøking barnehage 2012

Svarprosent: 67,5% --- 61 kommunar er med i landssnittet

Spørsmål	Snitt Luster	Snitt land	Høgaste kommune	Lågaste kommune
Resultat for brukarane	Luster	Land	Høgast	Lågast
Nedanfor har vi sett opp nokre spørsmål om kvalitet som vi ber deg svare på. Du skal rangere svara frå 1 (svært misnøgd) til 6 (svært nøgd). Set kryss i den ruta du meiner stemmer best med ditt syn.				
I kor stor grad er du fornøyd med:				
den sosiale utviklinga til barnet ditt?	5,1	5,3	5,7	4,7
aktivitetsinnhaldet i barnehagen?	4,8	5,0	5,6	4,5
korleis barnehagen legg til rette for læringsa til barnet?	4,8	4,8	5,3	4,3
korleis barnehagen legg til rette for skoleførebudande aktivitetar?	4,8	5,0	5,5	4,0
korleis barnehagen hjelper til med språkutviklinga til barnet ditt?	4,8	5,0	5,6	4,5
kompetansen dei tilsette har for å gjere ein god jobb med barnet ditt?	4,8	5,0	5,6	4,4
den omsorga personalet syner for barnet ditt?	5,2	5,3	6,0	4,7
mattilboden i barnehagen? (sunn mat, riktig kosthald)	5,1	4,7	5,2	3,4
barnehagen sitt arbeid som kulturformidlar?	4,8	4,8	5,4	4,3
Snitt	4,9	5,0	5,5	4,3
Trivsel	Luster	Land	Høgast	Lågast
I kor stor grad meiner du barnet ditt opplever				
allsidig leik og aktivitetar?	4,9	5,0	5,4	4,5
At det er gøy i barnehagen?	5,1	5,2	5,8	4,9
godt samspel med dei vaksne?	5,1	5,2	5,7	4,7
godt vennskap med andre barn?	5,0	5,1	5,5	4,8
Snitt	5,0	5,1	5,6	4,7
Brukarmedverknad	Luster	Land	Høgast	Lågast
I kor stor grad er du nøgd med:				
den interessa barnehagen syner for synspunkta dine?	4,9	4,9	5,6	4,2
dei moglegheitene du har for medverknad over tilboden i barnehagen?	4,5	4,5	5,6	3,9
dei moglegheitene barnet har for å vere med å avgjere innhaldet i barnehagen?	4,4	4,6	5,5	3,7
samarbeidet mellom barnehagen og heimen?	4,9	4,9	5,5	4,2
samarbeidsutvalet sitt arbeid for å sikre medverknad for foreldra?	4,3	4,5	5,2	3,7
Snitt	4,6	4,7	5,5	3,9
Respektfull behandling	Luster	Land	Høgast	Lågast
I kor stor grad meiner du personalet				
behandlar barnet med respekt?	5,2	5,3	5,6	4,9
behandlar deg med respekt?	5,2	5,3	5,7	4,5
tek barnet på alvor?	5,2	5,3	5,6	4,8
tek deg på alvor?	5,2	5,2	5,6	4,6
Snitt	5,2	5,3	5,7	4,7

Tilgjengelighet	Luster	Land	Høgst	Lågast
I kor stor grad er du nøgd med:				
opningstidspunktet?	5,1	5,4	5,8	4,8
lukketidspunktet?	4,8	5,4	5,8	4,5
høve for variert oppholdstid (dagar per veke, timer per dag)?	4,9	5,3	5,8	3,5
Snitt	4,9	5,4	5,8	4,3
Informasjon	Luster	Land	Høgst	Lågast
I kor stor grad er du nøgd med:				
informasjon om korleis barnet ditt har det?	4,5	4,6	5,5	3,4
informasjon om det som skjer i barnehagen?	4,8	4,8	5,4	4,0
Snitt	4,7	4,7	5,4	3,7
Fysisk miljø	Luster	Land	Høgst	Lågast
I kor stor grad er du nøgd med:				
uteområda i barnehagen? (med omsyn til utvikling, leik og læring)	4,9	4,7	5,4	4,1
inneområda i barnehagen? (med omsyn til utvikling, leik og læring)	4,6	4,6	5,6	3,7
det fysiske innemiljøet i barnehagen? (for eksempel støy/reinhalde eller anna kan presiserast nederst på skjemaet)	4,7	4,6	5,3	3,7
Snitt	4,7	4,6	5,4	3,8
Generelt	Luster	Land	Høgst	Lågast
Til slutt vil vi stille deg eit generelt spørsmål om korleis du opplever kvaliteten i barnehagen - samla sett				
Alt i alt, kor nøgd er du med barnehagen barnet går i?	5,0	5,1	6,0	4,7
Snitt	5,0	5,1	6,0	4,7
Totalt	Luster	Land	Høgst	Lågast
Snitt totalt	4,9	5,0	5,6	4,3

Møteplan

2. halvår 2012

Kommunestyret, formannskapet og plan- og forvaltningsstyret har fastsett sin møteplan. Oppdatert plan vil alltid vere tilgjengeleg på www.luster.kommune.no.

- | | |
|----------------|----------------------------|
| 22. august: | Formannskapet |
| 04. september: | Formannskapet |
| 18. september: | Plan og Forvaltningsstyret |
| 19. september: | Formannskapet |
| 27. september: | Kommunestyret |
| 16. oktober: | Plan og Forvaltningsstyret |
| 18. oktober: | Formannskapet |
| 25. oktober: | Kommunestyret |
| 13. november: | Plan og Forvaltningsstyret |
| 14. november: | Formannskapet |
| 22. november: | Kommunestyret |
| 28. november: | Formannskapet |
| 04. desember: | Plan og Forvaltningsstyret |
| 05. desember: | Formannskapet |
| 13. desember: | Kommunestyret |



Lustrabadet

Framdrift og opning!

Framdrifta tilseier at Lustrabadet går mot formell opning i månadsskiftet oktober/november!

I sjølve driftsorganisasjonen er det ei spennande tid, her skjer det mykje i desse dagar. Dagle

leiar og teknisk leiar har fullt opp med mellom anna tilsetting, utvikling av logo, profil og heimeside og organisering av skulesymjing. Dei utviklar alle interne rutinar på reinhald og HMS, planlegg kurs og opplæring,

samt drift av kafé og badebutikk. Ikkje minst må dagleg leiar og teknisk leiar sjølve få opplæring i alle system i badeanlegget. Dei deltek også på ulike kurs i regi av Bad, park og idrett, som tek for seg alle område kring drift av badeanlegg.

Prosjektleiar Harald Fimreite melder at bygginga av Lustrabadet no går inn i sluttfasen. I løpet av juni månad vil anlegget innvendig bli ferdigstilt og dei tekniske installasjonane blir sette i gang. No skal fire ventilasjonsanlegg og fem vassbehandlingsanlegg fungere saman med varmeanlegget og dei ulike elektrotekniske anlegga




Idrettsbassenget med barnebassenga i bakgrunn.

Sit du inne med ein god idè?

– Me vil høre kva for ein idé du har! Dagleg leiar Nina Gudevang har fått inntrykk av at mange er interessert i badeanlegget og ho tykkjer det er stas. Fleire har allereie teke kontakt med ynskje og idear, og ho håpar dette fortset. Har du ein god, rar eller spennande idé til Lustrabadet? Får dei gode forslag som blir sett i gang, kan det nok vente ei overrasking frå badet! Så hugs; skriv namn på forslaget!

- send ein epost til post@lustrabadet.no
- send eit brev til Lustrabadet, postboks 70, 6866 Gaupne.
- eller rett og slett slå på tråden til oss!
Tlf. 57685547/91857201.

Me har ei facebookside; Lustrabadet! Denne oppdaterar me jamleg, og her kan ein også koma med forslag og idear. Om ikkje lenge kjem også heimesida til Lustrabadet; lustrabadet.no.



Velværebassenget.

Stupetårnet.

og styrast av sentraldriftskontraktanlegget. I løpet av ein prøvedriftsperiode på seks månader vil alle desse tekniske anlegga bli testa, før endeleg overtaking skjer frå entreprenør. Heis og sklier samt klatrevegg er òg då kome på plass i badet.

Laust inventar og anna utstyr

kjem på plass i løpet av august månad, og då er anlegget truleg klart for prøvebadning og testing av vasskjemien. Utomhusanlegga vil bli ferdigstilt i løpet av sommaren. Opplæring av dei tilsette og etablering av instruksar og rutinar må på plass i løpet av september og oktober, og då er

anlegget klart for formell opning!

Prosjektet ser ut til å realiserast med bruk av om lag 5% reserver var utover det som låg inne i anbodskostnadane, noko me ser oss svært godt nøgde med. Me vonar at anlegget vil svara til forventningane.

Opningstider Lustrabadet

Opningstidene for Lustrabadet er no sett, og me håpar dei blir godt mottekne av dei badande. Me har sett kva som fungerer og ikkje fungerer på andre bad og jobba ut ifrå dette. Opningstida må verte tilpassa forholda i Luster og omegn, og ser me heilt andre behov og ynskje blant folket, blir dei teke opp til ny vurdering og eventuelt justert etter kvart.

Måndag: 06.30 – 08.30 og
15.00 – 22.00.

Skulesymjing 09.00 – 15.00

Tysdag: Reservert til skuleklasser,
barnehagar samt ulike grupper,
lag og foreiningar.

Onsdag: 12.00 – 21.00

Torsdag: 06.30 – 08.30 og
15.00 – 22.00

Skulesymjing 09.00 – 15.00

Fredag: 12.00 – 21.00

Laurdag: 10.00 – 17.00

Søndag: 10.00 – 17.00

Sikkerheit i Lustrabadet

Gjester i badeanlegg badar på eige ansvar, men eigalar og drivarar av bade- og symjeanlegg har krav på seg til å arbeide førebyggjande og kunne yte kvalifisert førstehjelp viss uhell først er ute. Sikkerheita i Lustrabadet vil mellom anna bli ivaretake gjennom overvakingskamera. Ei vakt vil sitje kontinuerlig på eit vaktrom der han/ho har oversikt over alle kamera som overvaker bassenga, stupetårnet, grotta og skliene. Det er òg undervasskamera på 4 m djupet i idrettsbassenget. I tillegg vil det vere badevakter som sirkulerer i badeanlegget alt etter kor mange gjester som er i badet.

Vidare er det kurs for dei tilsette i livredning, førstehjelp og hjartestartar fleire gongar i året. Det vil òg bli eigentrening. Evakuering, brann og andre moglege situasjonar blir det òg trenar på. Inne i badeanlegget vil det vere 30-31° til ein kvar tid. Det tek på å jobbe i eit slikt miljø lenge om gongen. I resepsjon, vaktrom og kafé vil det vere ein meir leveleg (20-25°) temperatur. For å sikre full konsentrasjon og fokus på dei badande, vil det vere ei rullering av personale på vaktrom, badevakt, resepsjon, kafé og reinhald med om lag ein time om gongen på kvar stad.

Kurt i rådslag hjå Liv Signe

Den 24. april var Kurt Heggestad i rådslag hjå kommunalminister Liv Signe Navarsete. Til rådslaget kom det folk med ulike erfaringar, og temaet var førstegongsetablering i bustadmarknaden. I invitasjonen frå departementet stod det m.a.:

"Kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete inviterer til rådslag om førstegangsetablering i boligmarkedet.

Målet med rådslaget er å drøfte utfordringer og utveksle erfaringer som kan være med på å gi statsråden et bedre grunnlag for arbeidet med å lage en storingsmelding om fremtidens boligpolitikk. Dette er også en anledning for statsråden til å høre mer om de ulike utfordringene som førstegangsetablerere står over, samt hvilke alternative løsninger enkelte har valgt for å etablere seg på boligmarkedet."

Ei av problemstillingane som skulle drøftast var:

"Ikke alle har lyst å bo i storbyene. Hvordan gjør man distrikten mer attraktive for boligetablering?"

Kurt Heggestad har erfaring frå å flytte attende til Veitastrond, og har sett kor viktig det er å kunne leige communal gjennomgangsbustad i perioden fram til han og familien fekk bygd seg hus. Han gjorde jobben i Oslo godt, departementet skreiv i epost til kommunen: "Kurt gjorde forresten en strålende jobb på Rådslaget og var en flott representant for kommunen."



Kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete møter unge for å diskutere førstegangsetablering og bustadutfordringer. Her i samtale med Aksel Braanen Sterri (t.h.) Morten Andre Ussberg og Kurt Heggestad.

Billettprisar Lustrabadet

ENKELTBILLETTAR	Kvardag	Helg/ferie
Vaksen frå 18 år	100	120
Ungdom 10-17 år	85	105
Barn 3-9 år	70	90
Baby 0-2 år (inkl. badebleie)	40	50
Honnør/student	85	105

10 KLIPPEKORT	Kvardag/helg/ferie
Vaksen	850
Ungdom	720
Barn	595
Honnør/student	720

Årskort	Kontant	Avtalegiro pr månad
Vaksen	3 480	290
Ungdom	3 000	250
Barn	2 520	210
Honnør	3 000	250
Student 1.sep.-31.mai	2 475	275
Familie 1vv+1u/1b	5 520	460
Familie 3 medl.	6 480	540
Familie 4 medl.	6 960	580
Ekstra pr. fam.medl.	+ 480	+ 40

GRUPPERABATT på enkeltbillettar (Ein betalar)

20-49 pers	20 % rabatt
Min 50 pers	25 % rabatt

NAV Luster

NAV Luster har no vore etablert sidan 2008, utviklinga har vore stor, og målsettinga om å samle oppgåvene i eit kontor er realisert. Dei viktigaste hovudmåla med NAV er:

- Å få fleire i arbeid og aktivitet og færre på stønad.
- Å yte betre tenester og gjere det enklare for brukarane.
- Å skape ein heilheitleg og effektiv arbeids- og velferdsforvaltning.

I NAV-kontoret vil du møte tilsette som har fokus på aktivitet og arbeid, som saman med deg skal finne gode løysingar, og som ser dine moglegheiter. Du skal vera sjef i eige liv, og NAV skal hjelpe deg mot målet ditt. Vi skal ha brei kunnskap om næringsliv og kva behov næringslivet har for arbeidskraft. På denne måten kan vi rettleie deg vidare i arbeidsmarknaden.

For at vi skal nå disse måla må vi som tilsette i NAV – kontora utvikle og innarbeide nye arbeidsmetodar, vi må vera arbeidsretta og gjennomføre tiltak som gjenspeglar dette.

Jobbkafé

NAV Luster har, som eit av våre tiltak, etablert Jobbkafé kvar tysdag. Til Jobbkafeen inviterer vi bedrifter i både kommunal og offentleg sektor for å halde innlegg for arbeidssøkjarar registrert i NAV. Andre samarbeidspartner som Opplæringskontoret, Oppfølgingstenesta, ATS og Sogneprodukter har bidrige med innlegg på kafeen. Målet med Jobbkafeen er at arbeidssøkjarar skal få auka kjennskap til næringslivet for enklare å nå sine mål og kome attende i arbeidslivet. Bedriftene skal

kunne bli betre kjende med NAV sine verkemiddel i høve arbeidsøkjarar, og byggje relasjonar for vidare samarbeid.

Tilbodet skal vere eit ledd i oppfølginga av arbeidssøkjarar. Målet med Jobbkafé er å skape ein uformell samlingsstad og tettsare dialog mellom arbeidssøkjarar og NAV-tilsette, og slik kunne hjelpe arbeidssøkjarane til raskare å kunne komme tilbake i arbeid. På Jobbkafé kan ein også få bistand til å finne ledige stillingar, snakke om CV og søknader, få tips i jobbsøkjarprosessen vidare - eller berre ein hyg-

gjeleg prat over ein kaffikopp. Sidan september i fjor har vi hatt meir enn 20 Jobbkafear, med alt frå 5 til 25 deltagarar. Arbeidet med Jobbkafé er spennande og utfordrar oss til og tenkje nytt i forhold til oppfølging av arbeidssøkjarane. NAV Luster takkar alle som har delteke på Jobbkafeane våre, og ynskjer GOD SOMMAR!



Beheim 2 er vedteken

Kommunestyret godkjende 26. april i år reguleringsplanen for nytt bustadområde på Hafslø, førebels kalla Beheim 2. Beheim 2 ligg attmed Beheimsfeltet, nordvest for Hafslø sentrum. Området har vore avsett til bustadbygging sidan



2008. Etter planen kan det her bli plass til om lag 60 bueiningar, i einebustader og fleirfamiliehus. Av dei siste er det terrassehus som er mest aktuelle i det bratte terrenget.

Når reguleringsplanen no er godkjend, kan Universitetsmuséet i Bergen gjennomføre dei arkeologiske utgravingane som må til før området kan frigjørvast for opparbeiding. Universitetsmuséet har varsla at utgravingane vil bli gjorde i august.

For kommunen sin del vil den første oppgåva vere å få detaljplanlagt vegar og andre tekniske anlegg, dette kan skje i haust. Opparbeiding av feltet vil deretter bli lyst ut på anbod, truleg vil entreprenør kunne setje grabben i marka våren 2013. Går alt etter planen, kan dei første tomtene i dette solrike og sentrumsnære bustadfeltet, vere byggjeklare hausten 2013.



Tusen strålande auge i Gaupne

450 elevar frå ungdomsskulane i Sogn hadde ein glitrande dag på entreprenørskapsmessa i Luster. Jentene i "Superbursdag" frå Hafslo barne- og ungdomsskule vart ein av vinnarbedriftene. Elevane frå nabokommunane våre fekk oppleve Luster frå si beste side: Ungdomane våre var eit framifrå vertskap. Elevane på

Luster ungdomsskule og Hafslo barne- og ungdomsskule deltok med elevbedrifter, i tillegg til at dei var guidar, informasjonsarbeidarar og vertar. På scena hadde Linda Watten og Espen Sleppen Josvanger ei stødig hand på rattet som konferansierar for heile arrangementet. Henning Lad og Mathilde Skjæret troll-

batt dei om lag 500 tilhøyrarane i salen med storslagen song og musikk. I tillegg hadde Yngvar Andersen ei særslag ungdommeleg, energisk og frisk inspirasjonsøkt for alle ungdomane i to plenumsførelesingar. Hovudbodskapen til Yngvar er at entreprenørskap handlar om å få til det "eg sjølv VIL". Det



Yngvar Andersen flankert av konferansierane Linda Watten og Espen Sleppen Josvanger.



Jentene i elevverksemda "Superbursdag" frå Hafslo barne- og ungdomsskule vann i kategorien "Formidling og kommunikasjon".



Næringsjef Olav Grov med alle vinnarane .

handlar om å realisere sine eigne mål. Det er truleg ikkje kvar dag at vi opplever at elevane spring til undervisninga, og vil ha bilete av føredragshaldaren etterpå!

Ordførar Ivar Kvalen oppmøda i si opningshelsing ungdomen til å ta medvitne val, og arbeide hardt for å nå desse. Det er forbode å vere pessimistisk!

I eit særskilt messelokale var det 24 elevverksemder frå ungdomsskulane i Sogn som konkurrerte i tre kategoriar.

"Omsorgsgjengen" frå Kvåle ungdomsskule i Sogndal vann i kategorien "Nyskaping og kreativitet" medan "Sunn energi" frå Aurland barne- og ungdomsskule sigra i kategorien "Berekraft".

Jentene i elevverksemda

"Superbursdag" frå Hafslo barne- og ungdomsskule vann i kategorien "Formidling og kommunikasjon" – den same kategorien som "Gaupne fotballskule" vann på messa i Leikanger i 2011!

12 lokale verksemder i Gaupne var også vertskap, då dei 360



Henning Lad og Mathilde Skjærer trollbatt dei om lag 500 tilhøyrarane i salen med storlagen song og musikk.


elevane i 8. klasse var på besøk hjå dei. Bedriftene hadde besøk av to grupper med ca. 15 elevar i kvar. Storst kjø vart det då elevane var på synfaring i Lustrabadet. Hadde det vore vatn i bassenget, hadde vi truleg ikkje fått dei med vidare! Det var tusen auge som strålte

på ein lærerik, motiverande og inspirerande dag i Gaupne. Stor takk til sponsorane Luster Sparebank, Statkraft, Luster Energiverk og Luster kommune, og takk til gode samarbeidspartnarar i Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane og Sogn regionråd.

Blås Grønt

Blås Grønt er eit rusfritt arrangement for ungdom frå 13 til 19 år som Ungdommen sitt kommunestyre har på sin aktivitetsplan. Kvelden 16. mai og natta til 17. mai vart "Blås grønt" arrangert i Gaupne ved Soltun med Julie Hatlevoll og Stian Listou frå Ungdommens kommunestyre ved roret. I lag med desse hadde dei med seg ungdomskontakten og ungdomsklubban ME'N'U og Hauk. Programmet var rikt krydra med grilling, ballspel, quiz og ikkje minst masse sosialt samvær.

Klokka 23.30 starta "blåsinga" i Gaupne og lista frå Lyngmo var kommen. Det var i alt 95 ungdommar som bles grønt denne kvelden. Det vart også trekt ut vinnarar av flotte premiar. Hovudpremien som var ein I'pad 3 var det Håkon Risnes som fekk, og dei heldige vinnarane av dei tre flotte I'poddane var Jarle Molvik, Jarand



Jarand Øvereng Røneid bles grønt 16. mai og vart ein av vinnarane av ein Ipod touch.

Øvreengen Røneid og Christina Solheim. Alt i alt så var dette ein knakandes fin kveld, med masse flotte ungdomar som storkosa seg i eit rusfritt ungdomsmiljø.



Skulelunsj på Gaupne skule

Gaupne Helselag laga i stand skulelunsj for alle elevane og lærarpersonalet ved Gaupne barneskule den 26.april. Dette har vorte ein årvisss tradisjon. Det var som ein av elevane uttrykte det: "Eg skulle ønskje dokker kom mykje oftare". Skulemåltidet er mangfaldig med nybakte rundstykke og nysteikt brød. Mykje godt pålegg og ikkje minst rikeleg med gulrøter som er ferdig oppdelte.

Elevane veit mykje om sunt kosthald, og Gaupne Helselag serverer berre sunt og godt pålegg. 70 hardkokte oppdelte egg gjekk også unna.

Mange av elevane kom og takka pent etter måltidet. Ein kjekk formiddag både for deltakarane frå helselaget som laga i stand måltidet og sikkert også for elevane og lærarpersonalet ved skulen.






- "Gjennom dette året har me mange forskjellige aktivitetar utanfor hovudbasen Soltun. Desse er godt planlagt av styret og folk møter gladeleg opp. Det mest populære er når me har ballaktivitetar i hallen eller andre uteaktivitetar på våren. Om vinteren leiger me trekket på Heggmyrane, og akar i Røneidsvegane eller i Vigdalen. I år hadde me ei overnattingutflukt til samfunnsuset i Jostedalen. Den gikk strålende! Me fekk mange gode tilbakemeldingar frå deltakarane, så dette må me gjere igjen", fortel ungdommene i ungdomsstyret.

Aktivitetane i Me'n'u 2011/2012

Ungdomsstyret i Me'n'u har lagt bak seg ein morosam og lærerik sesong. I haust blei det ein del utskiftingar i ungdomsstyret. Representantane i ungdomsstyret er: Marte Bergset (leiar), Elin W. Lunde, Randi Alme (nestleiar), Anne Lie (kasserar), Henrik Thorsnes Lefdal (representant frå Ungdommens kommunestyre), Andreas J. Sygnabere, Oddvar Vigdal og Eirik Glendrange.

Ungdomsstyret har ansvar for planlegging og gjennomføringa av aktivitetane. Det er ein fantastisk gjeng som har stått på skikkelig, jobba hardt og samarbeida godt for å klare å gjennomføre det ungdommene har hatt lyst til. Med seg har dei hatt fritidsleiar Linda Watten og Ungdomskontakt Linda Huseby. Nkre av aktivitetane som har vorte gjennomførde er filmkveld, dansekurs, sjølvforsvarskurs, romjulskveld og sosialt samvær på Soltun. Aktivitetskveld på Fjordstova i Skjolden, open hall,



Me'n'u var med og arrangerte Blås grønt i samarbeid med Ungdommens kommunestyre og Ungdomsklubben Hauk. Mange kjekke ungdommar stilte opp, det var grilling, ballspel og quiz. Vi ønskjer å takke alle foreldre og andre frivillige som har stilt opp som vakter denne sesongen. Og ønskjer dykk alle ein riktig god sommar.

kveldsope i trekket på
Heggmyrane, uteaktivitetar som

volleyball, fotball og grilling
m.m.



Luster danseverkstad

Måndag 4. juni avslutta Luster danseverkstad med ein fantastisk danseforestilling på Hafslø. Dei 150 elevane imponerte med sine varierande og flotte danseinnslag. Dei viste stor danseglede. Det var ein fullsett sal med engasjert publikum som saman med elevane og instruktørane laga ei fantastisk stemning i salen.

Namnet på den nye dansegruppa er Impression og den består av (framme f.v.) Ingrid Alme, Susanne Hesjevoll, Aviaja Nielsen, Nikolai Rebni Øverås. Eline B. Ørbeck, Rikke Næss, Emilie Alme, Ivonn Brugrand, Ingrid Sofie Næss, Simen Weka, Maja Saur Ødegård (var ikkje med på biletet). In Motion (bak): Marianne Bakken, Renate Fredheim, Marita Kvalsvik, Jonas M. Flaten, Alice Brendstuen, Kjersti Næss og Tea Høyheim. In Motion var også med i UKM i mars. Dei kom vidare til fylkesmønstring og var godt fornøgd med det.

Tilbakeblikk på dette semesteret:

Instruktørane i In Motion har tidligare i vår arrangert danseaudition for opptak til ei ny instruktørgruppe. Dette blei gjennomført i samarbeid med Ove Henning Solheim frå Fylkeskommunen.



In Motion

Vi ønskjer å gratulere så mykje til In Motion som gikk av med sigeren i dansekonkurransen på sommarfesten i Førde fredag 1. juni. Dette var en dansekonkurranse for unge dansarar frå heile fylket. Dommarpanelet bestod av ikkje mindre enn Anchelique Fjære og Ali Temple som var henta frå London.

Ein riktig god sommar frå oss i Luster danseverkstad.



Egner-festivalen


Det årlege samarbeidet mellom 4.klasse ved Hafslo barne – og ungdomsskule og Luster Vidaregåande vart i år til ein Egner-festival, der elevane dramatiserte deler av Kardemomme by. Det passar godt i 100 –årsjubileet til Thorbjørn Egner. Det er Design og handverk og Barne- og ungdomsarbeidarlinja som saman med 4.klasse stelte i stand denne festivalen. Dei to naboskulane er svært fornøgd med dette samarbeidet, og det er noko dei vil satsa på i åra fram-

over. Samarbeidet kom i stand som ein del av entreprenørskapsplannede til skulane, og er lærerikt for begge partar. Dei lærer samarbeid, song, drama, kreativitet og ikkje minst det å skapa noko. Det er eit samarbeid som



gjev gjensidig glede og eit flott resultat.

Elevane frå vidaregåande hadde ansvaret for kostymer, kulissar, kantina og aktivitetar, medan 4.klasse dramatiserte og song mange av Egner sine kjære og kjende barnesongar. Etter mange timars arbeid og øving var det endeleg klart for den store premierekvelden. Salen var fullsett av forventningsfulle foreldre, besteforeldre og andre inviterte, og publikum vart ikkje skuffa. Det vart lagt ned mykje arbeid og kreativitet i fantastiske kulissar, og 4.klasse imponerte stort under framføringa. Dei hadde øvd inn eit flott program, lært vers på vers utanav og bidrog både med allsong og solosong. Me fekk verkeleg føla at me var i Egners rike den kvelden.



Tre nasjonalparkforvaltarar til teneste for natur og folk i Luster

Frå vest og mot aust i Luster kommune ligg Jostedalsbreen, Breheimen og Jotunheimen, tre av dei flottaste og mest varierte verneområda vi har i landet. Breheimen og Jotunheimen har også tilknytt landskapsvernombord; til Breheimen ligg Vigdalen og Mørkridsdalen, og til Jotunheimen ligg Utladalen, alle tre i Luster kommune.

Som ein del av den nye forvaltingsordninga for nasjonalparkar og store verneområde er det oppretta politisk styrde nasjonalpark- og verneområdestyre. Dei tilsette nasjonalparkforvaltaraane har også kontorplassen sin på eit lokalt knutepunkt i tilknyting til kvart verneområde. Forvaltarane for Breheimen og Jotunheimen har kontor på rådhuset i Gaupne, medan forvaltaren for Jostedalsbreen har kontorplass i feltstasjonen på bremuseet i Fjærland.

Styra er forvaltingsstyresmakt for sitt verneområde. Det betyr at det er styret som skal forvalte verneområdet i tråd med verneforskrifta og naturmangfaldlova. Forvaltarane legg saker fram for kvart sitt styre for avgjerd. Dette kan gjelde søknader om dispen-



Nasjonalparkforvaltarane våre. Frå venstre: Eldrid Nedrelo, Maria C. Knagenhjelm og Magnus Snøtun.

sasjon fra verneforskrifta, igangsetting og prioritering av tiltak i verneområda og handsaming av midlar til det beste for verneområdet.

Av aktuelle tiltak som går føre seg i Luster kan nemnast tilrettelegging av stiar, skilting og ulike informasjonstiltak.

Dersom du har ein søknad eller

2000-årsborna er vorte store

I år var det 2000-årsborna og deira forldre i Gaupne som laga i stand til 17. mai-feiring i Idrettshallen. Borna tykte det var ein flott idé å pynte scena med nokre av dei flotte kistene som Luster kommune delte ut til dette kullet ved tusenårsskiftet. Her er 6. klasse i gang med programmet sitt, difor måtte kistene flyttast ned på golvet.



anna skal det stilast til det enkelte styret, og sendast til postadressa under for registrering og arkivering. Forvaltarane er stort sett tilgjengelege på kontoret, og syns det alltid er hyggeleg med ein prat om dei flotte områda vi har i Luster.

Velkommen innom!

Kontaktinformasjon for dei ulike styra:

Breheimen nasjonalpark og landskapsvernområda

Mørkridsdalen og Vigdalens Eldrid Nedrelo

Postadresse: Pb. 987, 2626

Lillehammer,
postmottak@fmop.no

Besøksadresse: Rådhuset, 6868

Gaupne, eldrid.nedrelo@
fylkesmannen.no

Tlf / mob: 57 64 31 47 /
907 24 490

www.nasjonalparkstyre.no/
Breheimen

Jostedalsbreen nasjonalpark

Maria C. Knagenhjelm

Postadresse: Njøsavegen 2, 6863

Leikanger, fmsfpost@
fylkesmannen.no

Besøksadresse: Norsk
Bremuseum, 6848 Fjærland,
jostedalsbreen@fylkesmannen.no
Tlf / mob: 57 64 31 37 /
936 64 256

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde

Magnus Snøtun

Postadresse: Pb. 987, 2626

Lillehammer,
postmottak@fmop.no

Besøksadresse: Rådhuset,
6868 Gaupne,
magnus.snotun@fmop.no

Mob: 947 89 126



Bilete frå Bargarden.

Naturreservata får forvaltningsplan

Luster kommune har fått midlar til å utarbeida forvaltningsplanar for mange av dei mindre verneområda. I tillegg skal forvaltningsplanen for Nigardsbreen naturreservat frå 1997 endeleg reviderast.

Utgangspunktet er at alle verneområde bør ha ein forvaltningsplan som sikrar heilskapleg og einsretta forvaltning, men av alle dei åtte naturreservata i Luster, er det berre eitt som har ein slik plan i dag.

Midlane frå Direktoratet for naturforvaltning skal dekka forvaltningsplanar for Hafslvatnet fuglefredingsområde samt Loi, Ytamo Bargarden og Luster allmenning naturreservat.

I tillegg skal den gamle forvaltningsplanen for Nigardsbreen naturreservat reviderast. Det er mykje som har endra seg, både når det gjeld bruken av området, og tilnærminga til forvaltningsutfordringane, sidan planen vart laga for 15 år sidan. Kommunen legg opp til ein planprosess der grunneigarar og andre som har interesser får rikeleg høve til å koma med innspel.



Under ein seremoni på Tørvis Hotell måndag 4. juni fekk det første kullet med bygdevertar utdelt bevis og brosje av ordførar Ivar Kvalen. Desse kan no med rette kalle seg ein bygdevert: Sigfrid Myklebust, Torbjørn Røneid, Kari Hagelin, Hans Næss, Jacques Huijben, Turid Øiene, Anne Jorunn Alme, Halvard Johan Bolstad.

Våre første bygdevertar er ferdig

Den 24. mai vart det siste bygdevertsseminaret for sesongen arrangert i Mørkridsdalen. Seminaret var ein del av eit lengre bygdevertskurs kor deltakarane lærer om kultur og natur i regionen vår. Kurset er praktisk retta, det vil seie at deltakarane er mykje ute og ser/høyrer/kjenner på natur- og kulturelementa. Med dyktige fagpersonar og lokale kjentfolk som formidlarar skal deltakarane få betre kjennskap til kva det vil seie å vere eit godt vertskap.

Ved kursslutt veit bygdevertane meir om lokal natur og kultur enn sambygdinger flest.

Gjennom kurset skal også bygdevertane ha vorte medvitne kva ressursar som ligg i slik kunnskap og korleis denne kunnskapen kan formidlast til andre. Føremonleg har dei også fått nokre tankar om korleis kom-

munen og bygdene kan verte enno meir attraktive enn dei er i dag.

I løpet av kursrekka har det første bygdevertskullet vore innom følgjande tema:

- Landskapet – korleis har det vorte til
- Fjord, ferdsel og handel
- Vertskapsrolla – dialog og formidling
- Maolet vaort og adle nabni, kest kjemme da i frao
- Ei reise mellom historiske hus
- Tradisjonskunnskap i kulturlandskap

Bygdevertane i Mørkridsdalen

Det siste bygdevertskurset i Mørkridsdalen hadde temaet tradisjonskunnskap i kulturlandskap. I lag med Liv Byrkjeland frå SNO og lokal kjentmann Kjell Einar Ormberg vart delta-

karane vugleia frå Hødnåvollen til Storatjøndi. Undervegs vart det også servert små smakebitar frå naturens kjøken, under Gry Tokvam si kyndige vugleing. Dagen vart avslutta med middag og omvisning på Skåri, med Sigfrid Myklebust.

Det vart ein fasinerande dag, med sol frå skyfri himmel, snødekte toppar og stor vassføring i dei utallige fossefalla. Som visuelt skode står Mørkridsdalen fint på eigne føter som ein av Noregs flottaste dalar. Men i lag med Liv og Kjell Einar sin kunnskap og formidlingsevne får dalen ein ny dimensjon. Spelet mellom naturen og menneska opp gjennom tidene framhevar detaljane i landskapet. Ein alm vert ikkje lenger berre eit flott tre, men også eit eksempel på livsviktig næringsgrunnlag. Restane av ein grunnmur vert til



Over: Gry Tokvam bakar flatbrød ute i det fri.



T.v.: Liv Byrkjeland og Kjell Einar Ormberg var kyndige vegleiarar innover Mørkridsdalen.

Over t.v.: Strutsevunge, saft frå Kroken og ein kaffikopp. Dei fekk smake alt dette på bygdevertskurset i Mørkridsdalen.



utdanna

underhaldande historier om løypestreng og tunge bører ut av dalen. Ein spektakulær foss vert til ein hårreisande slåtteteig kor ein med livet som innsats henta ned fôr til dyra. Blåbærbloma får eit nytt kallenamn, Sogning, slik den på humoristisk vis heitte hjå bergensarane etter gamalt.

Besøk på Skåri

Med andre ord vart dette ein dag der kommunen sitt første kull med bygdevertar verkeleg fekk oppleva korleis lokal kunnskap og forteljarevne løfter ei oppleveling frå flott til unik (med utropsteikn!!). Og med avsluttinga på Skåri vart ikkje dagen mindre unik. Kva Geirr Vetti og Sigfrid Myklebust er i ferd med å utvikle høgt oppi fjellsida over Mørkridsdalen gjorde dei elles så taleføre bygdevertane mållau se. Etter nydeleg middag med

det som vart presentert som gryte med lukkeleg høglandsfe og lokale urter, var det klart for omvisning på denne praktgarden.

Den gamle historia til garden er ein ting. Dei utallige flotte bygningane sett opp eller restaurert av Geirr Vetti er ein annan ting. Sherpane med sine fantastiske murarevner er ein tredje ting. Og på toppen av kransekaka kjem Sigfrid Myklebust, gardstyrarinna som formidlar desse historiene på ein naturleg og imøtekommende måte. Dei har spannande framtidsplanar på Skåri, og skal ein døme etter inntrykket bygdevertane sat att med, er det ikkje tvil om at dei får det til.

Første bygdevertskull er uteksaminert

Med dagen i Mørkridsdalen er

det første kullet med bygdevertar uteksaminert. Det er på sin plass å gratulere desse. De er no klare for å dele dykkar kunnskap og formidlingsevne med resten av lokalbefolkinga og besökande. Tykkjer du som leser at dette verkar spanande, så fortvil ikkje. Arrangørane satsar på nytt bygdevertskurs med oppstart til hausten. Og om du skulle vere i tvil - dette kurset er for alle som er interessert i lokal natur og kultur!

Bygdevertskurset vert arrangert av Luster vidaregåande skule. Kommunen har gjennom naturarvprosjektet "Mellom fjell, fjord og folk" bidrige i organiseringa og finansieringa av kurset.



Ola Kilen syner korleis dei tradisjonelt har risa almetra i Luster.



Ola Kilen og Kjell Einar Ormberg lagar bundlar av almekvist som tidlegare vart gitt til kyrne. Ola gir almekvisten til sauene som et barker med god appetitt.

Mennesket og naturarven – bles liv i gammal kunnskap

Den gong Noreg var eit fattig land var almebark livsnødvendig for mange. Barken var eit godt fôr til dyra i vårkipa, og då svolten gnog kunne almebark blandast i flatbrødmjølet. Endå finst det bønder som brukar almebark og almelauv som medisinfôr til dyra. Denne bruken har gjort at mange almetre har vorte svært gamle og er bustad for sjeldne artar. I dag framstår desse trea som viktige biologiske kulturminne.

Kurs i rising av alm

Statens naturoppsyn (SNO) og nasjonalparkforvaltar i Luster har sett fokus på denne tradisjonelle bruken av alm og korleis dette bør takast med i arbeidet med å ta vare på trea. Fagfolk og praktikarar frå forvaltinga, landbruket og forskingsverda har vore samla i Luster i to dagar for å lære om tradisjonell rising av alm. Rising går ut på å hogge greiner av treet (styve) på vårvinteren for å bruke barken til dyrefôr. Kurset er ein del av SNO sitt landsdekkande prosjekt om tradisjonell naturbruk kalla Mennesket og naturarven. Det var 23 deltakarar på kurset, seks av desse var frå SNO-lokalt.

Kunnskapen lever framleis
I Dalsdalen i Luster har Ola Kilen alltid risa almekvistar til

dyra sine, noko som han synt fram for ein flokk lærivillige kursdeltakarar. Tidlegare var også barkeren brukt til menneske mat. Almebarken var tidlegare ein særskilt viktig ressurs for mange gardsbruk der det vaks alm. Almen var så viktig at berre eit tre kunne auke verdien på heile gardsbruket, og kunne berge både folk og fe frå sveltedøden.

Biologisk kulturminne

Denne bruken har forma trea slik at dei har blitt gamle og grove og er bustad for mange andre plante- og dyreartar. Ofte husar eit almetre fleire sjeldne og raudelista artar. Difor er det særskilt viktig å ta vare på desse trea, både som ein biologisk og ein kulturhistorisk ressurs. Kursdeltakarane fekk også prøve å rise i praksis på kurset. Både



Grunneigarar og SNO i ei god blanding.

*Høgt heng dei og blide er dei!
Mykje kunnskap vart utveksla
mellan forskarar, forvaltarar, SNO
og grunneigarar på kurset.*



måten ein fjernar greiner på, tidspunktet for styvinga og tilstanden på treet har stor betydning. Det er også viktig å lage nye styvingstre som kan vere bustad for påvekstorganismane når dei gamle til slutt dør. Trear har også ein viktig opplevings-

og kunnskapsverdi som blir brukt i lokal verdiskaping.

Mennesket og naturarven - samarbeid og nettverksbygging
Mange som jobbar med prosjektet Mennesket og naturarven opplever at dette er ein ypparleg

arena for å etablere samarbeid med grunneigarar og fagfolk på mange område. Kurset i Luster var eit godt døme på dette. Her fekk SNO vise fram rolla som DN sitt feltapparat i nær kontakt med lokalmiljøet på ein ypparleg måte.

Tv-aksjonen 21. oktober går til

Amnesty International

Luster kommune har valt sin kommunekomite, og er svært takksame for den jobben komiteen og mange bøsseberarar gjer i samband med aksjonen.



*Varaordførar Geir
Arve Sandvik er leiar
for TV-aksjonen.*

Komiteen er i år samansett slik:

Geir Arve Sandvik, leiar, Gaupne
Andres Bolstad, Skjolden
Gudleik Hovland, Luster
Arne Bondevik, Nes, Høyheimsvik
Anne-Siri Bentsen, Gaupne
Håvard Vinda, Indre Hafslo
Marianne Bugge, Ornes
Svein Norberg, Jostedal
Mona Vik, Gaupne
John Havellen, Gaupne
Jan Magne Søhoel, Luster Sparebank
Tordis Skjerdal Rauboti, Solvorn
Thomas Urnes, Fortun
Bjørn Skovly, Veitastrand
Britt Brugrand, Hafslo

Lykke til!

SMIL-ordninga

- ei ordning for å ta vare på kulturlandskapet vårt

Gjennom lang tid med jordbruksdrift er landskapet vårt blitt forma til eit unikt kulturlandskap med spesielle verdiar som me kanskje ikkje tenkjer so mykje over til dagleg. Det vestnorske landskapet er verdskjend og verkeleg noko å vera stolt av. Men med endra bruk, endrar også landskapet seg. Gjennom SMIL-ordninga kan den som driv eller eig landbrukseigedom få tilskot til tiltak som tek vare på viktige kulturhistoriske verdiar i jordbrukslandskapet. Ordninga gjeld også for lag og organisasjoner.

Kommunen har utarbeidd tilaksstrategi for prioritering av slike prosjekt. Desse kan kort

delast inn i fire kategoriar:

- Tiltak knytt til tradisjonell bruk av utmark
- Tiltak som kan bidra til å ta vare på biologisk mangfald
- Tiltak som hindrar eller reduserer ureining
- Tiltak knytt til nasjonale, regionale og lokalt verdfulle kulturlandskap

Den 15. mai handsama Luster plan- og forvalningsstyre søknader om SMIL-midlar for våren 2012. Det var komme inn søknadar til mange gode prosjekt, og dei aller fleste fekk midlar. I år fordelte søknadane seg slik:

- 6 søknadar på midlar til rydding av beite og slåttemark

- 5 søknadar på midlar til restaurering av stølshus
- 4 søknader på midlar til restaurering av bygningar i gardstun
- 1 søknad på midlar til skjøtsel av slåttemark

Neste frist for å söke SMIL-midlar er den 15. september. For meir informasjon kan du gå inn på kommunen si heimeside eller kontakte avdeling for landbruk og naturforvaltning på rådhuset.

Me inviterer alle med gode prosjekt med i kommande søknadsrundar for SMIL-midlar i vår kommune !



Løe før restaurering.



Løe etter restaureringa.



Prosjektet "Folk i fleire hus"

No er det sendt ut brev til eigarar som har hus/gardsbruk som ikkje vert nytta til heilårsbusetnad i nesten heile kommunen. Vi håpar at eigarane vil tenkje over kva dei ynskjer med eigedommen, flytte attende sjølv eller på anna måte få heilårsbusetnad i husa igjen.

Etter kontakt på telefon, syner det seg at dei fleste framleis ynskjer å nytte husa som fritidsbustad for seg sjølv eller andre i familien. Nokre planlegg å flytta til eigedommen for å vere t.d. vekependalar, flytta attende når ungane er ferdig på skule eller flytta dit når dei vert pensjonistar. Andre ynskjer gjerne at neste generasjon skal overta, men at dette ikkje er avklara enno.

Det er stor forståing for at det er viktig å få fleire til å busetje seg i grenadene som slit med lågt folketal. Difor har nokre eigarar planar om å setje i stand hus til utleige, og andre tenkjer å forpakta bort gardsbruk medan ein planlegg generasjonsskifte.

Nokre vurderer å selja og ei handfull småbruk/gardar er til sals.

Det er stadig nye som tek kontakt med "Folk i fleire hus" for å få hjelp til å finna ein stad å bu i kommunen.

Dette står på ynskjelista når det gjeld eigedom til leige eller til sals:

- Leige av hus/leilegheit for ein



Valborg Heløy er prosjektleiar for "Folk i fleire hus".

person i området rundt Luster.

- Leige av hus med plass til høns og kanin for familie på fire i nærleiken av Ornes.
- Leige av hus på Indre Hafslo/i Gaupne, par med hund.
- Leige hus på Veitastrand.
- Par som tek med eigne jobbar ynskjer å leige hus ved fjorden.
- Par ynskjer å leige hus/småbruk med plass til hund og høns.
- Ung student ynskjer å jobba på avsidesliggjande gard, spe-

sielt interessert i restaurering, kultur og historie.

- Familie på 4 ynskjer gard eller hus med stor tomt for langtidsleige eller til sals på Hafslo.

Ynskjer å kjøpa:

- Rimeleg (kan godt vere låg standard) hus i fredeleg område, gjerne Indre Hafslo.
- Rimeleg hus i Skjolden for ein person.
- Gardsbruk som passar til hestehald, Hafslo-Gaupne.
- Gardsbruk for sauehald på Sørsida eller i Skjolden.
- Lite småbruk for familie på 4 på Sørsida, gjerne Ornes.
- Familie på 3 som no prøvebur i kommunen ynskjer å kjøpa hus/småbruk.
- To nederlandske familiar ynskjer å kjøpa gardsbruk/småbruk.
- Familie ynskjer å kjøpa høgdegard, gjerne veglaus.
- Familie ynskjer å kjøpa fjellgard.
- Par "midt i livet" ynskjer å kjøpa gard/eldre hus med sjel.
- Agronom frå SJH ynskjer å kjøpa gard for allsidig drift.
- Ein ynskjer å kjøpa gard på minst 30 daa, helst med bygninga frå før 1940.

I tillegg er det ca.14 familiar/enkeltpersonar som ynskjer å kjøpa gard eller hus i Luster kommune.

Ta kontakt med "Folk i fleire hus", Valborg Heløy, tlf. 57685585 / 90919040, e-post: valborg.heloy@luster.kommune.no.

Nyttilfylte lustringar

Kvart kvartal får Luster kommune ei oversikt over tilflytte til Luster. På denne lista finn vi personar som har budd i Luster tidlegare, og personar som aldri

har budd her før. Lustranytt har stilt fire spørsmål til nokon som har flytta til Luster i det siste, og her er svara vi har fått på e-post.

Anja Irene Hilleren

- Fortel litt om dykk sjølve.
 - Eg heiter Anja Irene Hilleren, er 21 år og bur på Veitastrond saman med sambuaren min Roger Fåberg. Eg jobbar på Bc klær i Sogndal og har teke nokre friår frå skule. Roger er elektrikar samstundes som han har overteke brøytinga av Veitastrondsvegen om vintrane. Om ikkje så lenge er me begge også bønder.

- *Kvífor flytte de til Luster kommune?*

- Me flytta tilbake til Luster for å overta garden til foreldra mine. Det skal skje våren 2013, noko som blir svært spennande. Der skal me satse på mjølkeproduksjon med kyr. I vinter tok Roger over brøytinga, noko som også gjorde at me flytta tilbake til Veitastrond fordi han var avhengig av å bu der då han fekk den jobben. Men eg har alltid hatt lyst til å busetje meg i den fine heimbygda mi så eg er svært glad for at Roger også var villig til å flytte dit. Me er begge interessert i gardsdrift, så me ser føre oss at me vil trivast godt her framme i framtida.

- *Kva er det beste med å bu i Luster kommune?*

- Det beste med å bu i Luster er sjølv sagt den fine naturen. Spesielt om somrane er Luster, og spesielt Veitastrond, den finaste plassen på jord. Vi har mange fine tur moglegheiter her i Luster der ein kan gå åleine

eller vere med på arrangerte turar med turlaget. Då får ein verkeleg sjå naturen frå si beste side. Elles vil eg og seie at det fine med å bu på ein plass som Veitastrond er at alle kjenner alle og at vi då blir ganske samansveisar her framme. Treffer ein nokon etter vegen stoppar ein som regel og tek ein prat.

- *Kva kan Luster kommune bli betre på?*

- Luster kommune kan bli betre på utleige-moglegheiter til oss som vil flytte tilbake. Me sleit ei stund med å finne husrom då me ville flytte til Veitastrond. Kommunen kunne kanskje ha sett opp fleire gjennomgangsbustader, men folk som bur i kommunen kan også bli meir opne for å leige ut husa sine som dei



ikkje bur i.

Kommunen bør også satse på ei raskare og mjukare sakshandsaming av byggeprosjekt, som t.d. hus og fjøs.

Elles håpar eg at fleire unge også vel å flytte tilbake til kommunen og til Veitastrond.

«Da e pao Stråndi da skjer!»

Bjørn Inge Fossen

- Fortel litt om dykk sjølve.
- Vi er ein familie på fire fra Godvik i Bergen. Siri Elise (4 år), Lars Haakon (2 år), Heidi Mari og Bjørn Inge Fossen. Bjørn Inge er oppvaksen i Fyllingsdalen, ein drabantby i Bergen, men har vore masse i Jostedalen hjå besteforeldre i Krokåsen. Har vore opptil 3 månader i Jostedal i tida eg gjekk på skule. Vart etter kvart kjend med folk i dalen og fikk sommarjobb hjå bondene i dalen. Etter gymnaset gjekk eg to år på Stend jordbrukskole (Agronom) og seinare på Stend Jordskifteskole, ei landmålingsutdanning. Har også hatt sommarjobb i Luster kommune i 1990 og 1991. Var tilsett som flisegutt på

Oppmålingsavdelinga sommaren og hausten 1993. Har seinare jobba i Bergen i eit firma som heter NorkartGeoservice AS i 17 år. Firmaet lagar programvara som kommunen bruker innan kart, oppmåling, arealplan og Sognekart.no (kartet på 1881.no). Jobbar no med kart og oppmåling og skal vere ein ressurs for kommunen inne faget GIS(Geografisk informasjon system).

Heidi Mari kjem frå ein gard med mjølkeproduksjon i Hålandsdalen, Fusa kommune (syd for Bergen/Os). Er utdanna hjelpepleier og administrasjonssekretær. Har jobba litt innan helsevesenet, men gjekk over til kontorfaget. I Bergen jobba ho i eit firma som heiter ClampOn, som lager måleinstrument for oljebransjen. Der jobba ho med alt i frå å sende folk/varer til alle verdenshjørne, til sal av instrument. No har hun fått jobb hjå NTP i Gaupne, der hun jobbar på kundeservice utland.

Siri Elise og Lars Haakon går i Jostedal barnehage. Dei kom frå ein barnehage utan avdelingar, med 90 barn, til ein avdelingsbarnehage med ca 20 barn. Overgangen har gått kjempefint og dei trivs godt.

- *Kvífor flytte de til Luster kommune?*

- Vi flytta til Luster og Jostedal fordi vi har hatt lyst til å prøve korleis kvar dagen er ute i distriktet, og komme oss ut av byen med alt mas og jag. Vi kjøpte eit hus på Espe i Jostedal for fire år sidan som vi har bygt heilt om, og som først var tenkt å bli brukt som feriehus. Men så kom det ledig jobb for oss begge, og vi tok steget og flytta. Bjørn Inge begynte i kommunen 3. oktober 2011 og Heidi Mari og borna kom etter i romjula. Vi budde i Krokåsen fram til 17. mai, då flytta vi endeleg inn i huset vårt på Espe.

- *Kva er det beste med å bu i Luster kommune?*

- Folka, naturen og stillheita. Opplever masse hyggelege og positive folk, og det er ein kjempefrott natur med mange mulegheiter både sommar og vinter. I



Jostedal som er ei levande bygd, er det masse av fritidstilbod, så mykje at ein ikkje har tid til husbygging om ein skal vere med på alt som er moro.

- *Kva kan Luster kommune bli betre på?*

Kommunen burde hatt fleire bustader som folk kunne få leige i maks fire år, før dei eventuelt bestemde seg for om dei ville ta steget fullt ut og bygge seg eit eige hus. Hadde nok ikkje flytta hit viss vi ikkje hadde hatt huset på Espe som utgangspunkt. For mange vil det vere for stor risiko å bygge eit hus viss dei ikkje veit at det er her dei vil bu. Elles så er det viktig med barnehagar og skulen ute i armane av kommunen. Borna bør ikkje ha for lang veg til barnehage og barneskulen.

Vilma og familien kjem frå Litauen

- Fortel litt om deg og familien?
 Bakgrunnen, utdanning/yrke,
 kvar bur de no.
 - Hei til alle som leser
 Lustranytt! Vi er innflyttarar frå
 Litauen familien på 4: Valentas
 (10 år), Geidas (6 år), Rolandas
 og Vilma. Heile familien har
 budd i Noreg frå januar 2011.
 Rolandas (snart pappa til 3
 barn!) har fått utdanning som
 bilmekanikar i Litauen. Eg har
 utdanning som lærar i Litauisk
 språk. Begge to jobbar no i Vibe
 Reingjeringsservice AS.

- *Kvifor flytte de til Luster kommune?*

- Vi flytte til Luster fordi her bor
 den fantastiske gode kvinne
 Linda Hermansen (flink mor til
 5 barn!). Vi er svært takksame
 for at ho har gitt oss til å arbeide
 og bu i Norge!

P.S. Eg var fyrste kvinne frå
 Litauen sommaren 1997 i Luster
 kommune, trur eg. Den sommar-
 ren plukka eg jordbær i Fortun
 hos den største bonden i dette
 området.



- *Kva er det beste med å bu i
 Luster kommune?*

- Tidligare budde vi i hovudstaden i Litauen – Vilnius. Så her i Gaupne kosar vi oss med stillheit og ro, reint vatn og nyter dei vakre fjella og hyggelege folka! Tusen takk til alle som lærer oss å snakke/skrive norsk! Alle som bur her har mange grunner til å være lukkelege, trur eg.

Eg er veldig glad for at eg kan få synge i kor; Hafslo Songlag! Her er Egil Einan ein flink dirigent! Her fann eg mange gode venner!

- *Kva kan Luster kommune bli
 betre på?*

Luster kommune er den fyrste kommunen vi bur i Norge. So vi kan ikkje samanlikne med dei andre av Norges kommunar. Vi kosar oss her vi bur no!



Seawalk- prosjektet i rute

Produksjonen av den første SeaWalk'en er for det meste ferdig. På biletet ser ein arbeidaranar frå LMI i full sving med å montera dei store komponentane saman på sjøen, ved kaien i Gaupne i byrjinga av juni.

I følgje Cruise Ventures AS, som har utvikla konseptet og skal levere den første flytekaien til Skjolden Cruisekai AS, så har arbeidet gått etter planen. Når monteringa er ferdig, skal heile konseptet gjennom eit omfattande testprogram, før det vert installert i Skjolden seinare i sommar.



Walaker Hotell pyntar opp

I vår har Walaker Hotell teke eit storløft med uteområdet sitt rundt annekset. Det er vorte nye terrassar framfor kvart rom, parkeringsanlegget er teke att, og flotte murar er komne på plass. Totalt er det lagt ned ca. 1800 m² med belegningsstein og nye plenar. Kostnaden med det heile vil bli rundt to millionar, fortel direktør Ole Henrik Nitter Walaker til Lustranytt.

Flott sesongstart

Starten av sesongen har vore svært god, sjølv med denne anleggsaktiviteten rundt oss. Mai vart ein rekordsterk månad, opp over 23 % frå fjaråret, som til då var vår beste. Vi har hatt kurs og konferansar, bryllaup, selskap og mange gjester. Så det vert spanande å sjå om sesongen totalt vert like god som i fjor, avsluttar Walaker.



Vi klipper frå



<http://framtidsfylket.no>

Då Oslo-paret Alexander og Maren Lien kom over småbruket Vetleskog vart avgjersla lett. Her ville dei byggje og bu. Jobbane skapar dei sjølv, med støtte frå gode hjelparar i Luster og elles i sogneregionen.



Fakta:

Massivtre

Massivtreelement er treplanke/skurlast som er lagt i tre, fem sju eller ni sjikt annakvar på langs og tvers. Plankane vert hefta saman med lim som ivaretek treet sine pusteeigenskapar og tilfredsstiller alle miljø- og klimakrav.

Treplankane dannar eit byggement som normalt er 120 cm breitt og frå 3-4 meter opp til 13-14 meter lange.

Eit hus bygd i massivtre pustar og er kjent for å skape eit godt inneklima. Materialet har gode branneigenskapar og byggemетодen gir god totaløkonomi i byggeprosjekta.,

Oslo-par til Luster med industriplanar i kofferten

Selskapet Massiv Lust AS er eit resultat av dei prosessane som starta då Alexander og Maren byrja å leite etter alternative måtar å byggje draumebustaden sin på. I botn ligg ei sterk tru på at det er mogleg å kombinere ein god levestandard prega av komfort med eit overordna prinsipp om å leve bærekraftig til beste for dei komande generasjonane.

– Eit hus i massivtre er både solid, økonomisk, miljøvennleg og gir eit godt inneklima, seier gründer Alexander Lien. I tillegg til satsinga som gründerar i ein tøff byggemarknad skal ekteparet Lien også utvikle det fråflytta småbruket Vetleskog på Mollandsmarki i Luster kommune. Og det skal sjølv sagt satsast på massivtre også der.

Ny heim på nedlagt småbruk

– Vi har vorte fortalt at dette er ein av dei høgste fjellgardane i Sogn. Vetleskog ligg på kring 570 meter over havet. Vi har falle pladask for staden, og trur at med dei rette grepene vil kunne skape oss ein fantastisk base for familien vår, seier Alexander. Garden har vore ubebodd dei siste åra, og bar også sterkt preg av dette då ekteparet Lien overtok.

– Opprinneleg var planen å setje i stand hovudhuset, men det viste seg raskt at dette ikkje var mogleg. Vi har difor teikna eit heilt nytt hus som vi føler er godt tilpassa kvalitetane på staden.



Planlegging. Frv. Jørgen Thyco, Alexander Lien og Carsten Hovind. Foto: Massiv Lust.



Alexander Lien med familien ser fram til å flytte til Mollandsmarki.

Produksjonslinje etablert i Gaupne

Med seg til Luster sommaren 2010 hadde gründarane ein gjennomarbeidd idé, stor gjennomføringslyst og eit ønskje om å skape nye og bærekraftige byggemetodar som utfordrar dei tradisjonelle tankesetta i byggebransjen.

– Etter kvart som planane om produksjon av massivtreelementa viste seg å vere gjennomførbare vart vi berre meir og meir overtydde om at det er her i Sogn vi vil leve og bu, seier Lien. Han er svært glad for mottakinga dei har fått i Luster kommune, som har lagt forholda til rette og gjeve gründarane god rettleiing og oppretta kontakt inn mot andre gode hjelparar i regionen.

Produksjonslinja er no på plass, og gründarane legg opp til vidare ekspansjon og nye investeringar i tida framover.

– Vi ser svært positivt på framtidia. Sjå berre kor mykje skog vi har rundt oss på alle kantar. Vi skal så langt det let seg gjere nytte oss av kortreiste råvarer

henta frå regionen. Det er eit paradoks at vi skyssar skog nedover til Europa for massivtreproduksjon når vi har slike gode føresetnader for å lukkast med det same her heime.

Ein kritisk faktor for å lukkast med prosjektet er i følgje Alexander Lien at ein profesjonaliserer samhandlinga mellom aktørane i grensesnittet mellom utvikling/prosjektering, produksjonsprosess og oppføring.

God kompetanse i alle ledd


I tillegg til kona Maren, som er siviløkonom, har Alexander Lien også med seg arkitekt Jørgen Tycho, som har inngående kjenner til konstruksjonar i massivtre. Med på massivtrelaget er også Carsten Hovind, som er utdanna møbelsnikkar i tillegg til byggfagleg utdanning. Hovind har allereie meldt flytting til Luster, med sambuar på veg over fjella til sommaren. I andre enden av kjeda skal dei knyte til seg utførande entreprenørar som ønskjer å utvikle spesialkompetanse innan denne byggemetoden.

Sjølv har Lien god erfaring innan forretningsutvikling og marknadsføring, og det er han som er dagleg leiar i selskapet.

Vetleskog - meir enn ein stad å bu

Deira eige hus på Mollandsmarki vert truleg det første gjennomførte prosjektet i regi av Massiv Lust AS. Med nærmare 130 mål innmark og 250 mål skog får ekteparet Lien og borna deira på halvtanna (tvillingar) og tre år god tumlelass. Men i forlenginga av husprosjektet ser Lien også moglegheiter for å utvikle Vetleskog ytterlegare:

- Vi ser på ulike alternativ for å kunne gjøre dette området til gjengeleg for fleire. Kanskje kan vi skape ein møtestad i skjæringspunktet mellom bedrifts- og privatmarknaden; ein stad der kreativitet og utviklingsprosessar får ekstra grobotn. Vi får sjå. Akkurat no held vi fullt fokus på massivtreproduksjonen og oppføringa av vår eigen draumebustad, avsluttar Alexander Lien.



Norvald Tveit.

Dagleg leiar ved
Turtagrø Hotell, Etti
Salomonsen.

**SMAK
AV ORD
MED MAT.**

Turtagrø Hotell i Jotunheimen, 6.-8. juli

Vil vise fram det beste frå fylket

6. – 8. juli vil ei rekke lokale krefter frå Sogn og Fjordane syte for at opplevingane står i kø på Turtagrø. Ved å kombinere lokal mat, og invitere inn lokale ressurspersonar som byr på spennande fjellhistorie og litteratur inspirert av Jotunheimen, ønskjer det tradisjonsrike hotellet å vise fram det beste frå området.

- Dette er jo kjent som fjellsportens vogge. På Turtagrø har det vore hotellverksemد siden 1880-åra, og eg meiner det er viktig å vise fram dei historiene som skil oss frå andre stader. Dette området er ikkje berre alpine fjelltoppar, det har også mye spennande historie å by på. Arrangementet Smak av ord med mat i Hurrungane skal vere ei helg for alle sansane, seier dagleg leiar Etti Salomonsen.

Humor, foto og steinstudiar
I løpet av helga skal fleire lokale krefter bidra med sine smakebitar. Forfattar og dramatikar Norvald Tveit frå Leirvik kåserer, det same gjer forfattar

og humorist Ole Johannes Øvretveit – også kjend som maratonmannen. Naturfotograf Finn Loftesnes frå Sogndal byr på eit interessant foredrag med blikk på fjellet gjennom fotolinsa. Vi får også høre den ukjende historia om dei første kvinnelege fjellpionerane. Om kvelden vil Bjørn Myrer Lund fortelje frå ekspedisjonen og om pilotprosjektet, som har hatt fokus på å kombinere turisme med helsearbeid og førstehjelp til lokalbefolkinga i dei utilgjengelege landsbyane i Himalaya.

Retromat frå det lokale kjøkken
For anledninga vil Salomonsen


TURKOMPISAR: Kronprinsen og Erlend Sande frå magasinet Fri Flyt gjekk på tur i lag laurdag. Foto: Håvard Nesbø.
Dei andre biletene er tekne av Erlend Sande, Fri Flyt AS.

High Camp Turtagrø

High Camp Turtagrø har aldri vore så populært som i år. Billettane vart utselde på under eitt døgn og 600 glade toppturenusistar var på plass på Turtagrø. Det var mykje snø i fjella og snøforholda var veldig gode, betre enn vi er vande med under High Camp, sier festivalsjef Marit Vidnes.

Årets høgdepunkt var å vakne til strålende sol og puddersnø på laurdag. Stand-up med Nils Ingard Aadne og Jonas Bergland og dunjakkedisko med snøfiller i lufta laurdag kveld var også minneverdig, seier Vidnes.

Elles var det sjølvsgått veldig hyggeleg å få besøk av Kronprisen på High Camp. Han var på tur både laurdag og søndag med guideansvarleg under campen; Nils Nilsen. Laurdag var dei på tur til Lauvnostind. Fri Flyt vart med på tur, og her kan du sjå film frå turen: <http://friflyt.no/ski/se-kronprinsfilmen>.



hente fram menyar frå det rikhaldige arkivet som Astri og Johannes Drægni bygde opp då dei dreiv hotellet frå 1953 til 1997.

- Fredagsmenyen byr på gamle klassikarar med ein ny vri. Laurdagen blir det ein femretters meny basert på lokale råvarer og som skal gi ein smak av både fjord og fjell. Kjøkkenet ønskjer å framheve den rike matkulturen som finns i fylket, seier Salomonsen.

Ny kunnskap om fjellet
I tillegg til ei historisk matopp-

leving, skal gjestene sjølvsgått ut og oppleve den spesielle og innbydande naturen i Hurrungane. Saman med Erika Alnæs blir det sansetur med opplevelingar om fjellet ein vandrar i. Professor i geologi, Stein Bondevik tek deltakarane med på vandring i Hurrungane medan han forklarer korleis dei unike fjellformasjonane har vorte til og Norgesguidane tek ei gruppe med på kulturvandring.

Kortreiste opplevelingar
Dagleg leiar ved Turtagrø er

oppteken av å spreie kunnskap og stoltheit om området rundt Turtagrø. Ho trur at programmet er interessant både for tilreisande fjellturistar og for lokale sogningar og fjordingar. Ho trur blant anna at foredraget om dei kvinnelege fjellpionerane, mange av dei lokale kvinnene, er ei interessant og lite kjend historie.

- Det er ofte at ein reiser bort for å oppleve nye ting, men her vil eg meine at vi kan by på mange unike opplevelingar også for dei som bur i området, avsluttar Salomonsen.

Café Veitastrond



Café Veitastrond opna til påske i 2012. Den er eigd og driven av Emil Heggestad. Café Veitastrond satsar på lokalmat. På menyen finn du m.a. Veitastrondtapas, Tuftene og Nyestølen. På fredagar er det ofte taco, og på søndagar er det mogleg å kjøpa seg middag.

Café Veitastrond er allereie blitt leigd av små og større lag. Lions var først ute med Veitastrondtapasen, og dette var stor suksess. Seinare i sommar vert det barnedåp.

-Me fekk ein god start i påska, og er godt fornøgd med besøkstala så langt, seier ein smørblid og langhåra Emil. - Me har hatt både musikkpub og quiz, og det kjem me til å fortsette med i sommar òg. Det er i utgangspunktet plass til 24, men på første quiz var det 30 som deltok. Kan seie det var trøngt om "salegheita" den kvelden. Men det er berre moro, og stemninga var på topp. Snart kjem uteterassen opp, og på flotte sommardagar kan det bli mykje kos ute.

På veggane finn du dikt som verten har skrive sjølv, med biletet frå Veitastrond som fotograf Hildegunn S. Heggestad har knipsa.

Café Veitastrond vert open kvar dag i sommar, og menyen er stadig under arbeid. Me ynskjer store og små velkommen inn.



Skjolden Cruise Handling treng fleire guidar

Cruisetrafikken inn til Skjolden aukar kraftig. I år har vi 22 skipsanløp, neste år reknar vi med ca. 50 skip, og om to år kan talet kome opp i 75 – 80. Mange av skipa er svært store og kan ha fleire enn 3000 passasjerar om bord. Reknar vi at bortimot 50 % av passasjerane kjøper utflykter, treng vi 25 – 30 bussar og guidar pr. anløp. Så mange har vi ikkje i dag, og det må vi gjera noko med, seier Torunn Kjøk som er guide-koordinator ved Skjolden Cruise Handling.

Vi ynskjer å knyte til oss folk, ungdom og eldre, som snakkar godt eitt eller fleire framandspråk, spesielt har vi behov for folk som kan tysk, fransk, spansk, italiensk, russisk og nederlandsk. Den som vil arbeide som guide må:

- Vera blid og omgjengeleg
- Ha god allmenn kunnskap om norske tilhøve generelt og Indre Sogn spesielt
- Vera innstilt på å yte sørvis

- Vera villig til å lære seg turane som er lagt opp, og gjennomføre dei etter utlevert tidskjema
- Utføre arbeidet etter dei retningslinene som blir gjevne

Nye guidar er med på turar med erfarte guidar for å bli kjent med turane og lære korleis det er å vera guide. Vi har ein del skriftleg materiell som nye får utdelt. Til hausten /vinteren planlegg vi kurs for nye guidar. Kurset vil også vera nyttig for dei som har jobba som guidar tidlegare.

Våre guidar brukar «uniform» - raud jakke med Skjolden Cruise Handling på ryggen og brystlomma. Då er vi lette å kjenne att, og vi profilerar Skjolden som cruisedestinasjon. Er du interessert i å vite meir, ta kontakt på telefon 90738489 eller send ein kortfattet CV og litt informasjon om deg sjølv til post@skjolden-sogefjord.no.

Luster får apotek i oktober

Det vert no arbeidd med å etablere apotek på Pyramiden i Gaupne. Ditt Apotek Luster som apoteket vil heite, vert eit sjølvstendig selskap, men med samarbeidsavtale og kjedetilknyting til "Ditt Apotek". Ditt Apotek er eigd av Norsk Medisindepot. Eigarane av Ditt Apotek Luster vert Jonos Varadi, Pyramiden Mat og Johnny Øvrebø.

Jonos Varadi har masterutdanning i farmasi frå Ungarn. Han har vore farmasøytyt på apotek i Hammerfest i to år og dei to siste åra har han vore dagleg leiar (vikar) på apoteket i Høyanger. Varadi med kone og eit barn flytter til Luster i august.

Kommunestyret støttar etableringa med eit oppstart- og marknadsføringstilskot på 50.000,- og eit lån på 400.000,- kroner.



*Janos Varadi vert fagleg leiar og medeigar i apoteket i Gaupne.
Foto: Lars Ivar Ramsli, Ytre Sogn*



L
U
S
T
R
A
M
R
K
N
A
D
E



Største Lustramarknaden nokon gong!

Konklusjonen etter Lustramarknaden 2012 er at denne er den største gjennom tidene. Flott ver gjorde at laurdagen vart den store marknadsdagen. Ut frå grovtelingar som vart gjorde ved dei ulike arena, vart det anslege at publikumstalet var ein stad mellom to og tre tusen. Flotte stand av ymse slag var det kringom på marknadsområdet, og folk kosa seg med kaffi, grillmat og flott underhaldning både i Rådhusparken og utanfor



Pyramiden. Folk vart verande utover dagen, slik at også dei siste programinnsлага hadde mykje besök.

Verdas beste

Anders "Azun" Solum frå Kragerø fekk publikum tett innpå seg då han triksa med ball. Ikkje rart han vart omsverma sidan han i 2010 var den beste i verda i fotballtriksing. Det vart mykje autografskriving etter kvar framsyning han hadde.



Slagord-konkurranse

På standen til Luster kommune framfor rådhuset kunne du lage eit slagord som du meiner passar best for kommunen vår. Mellom dei som leverte forlag om laurdagen ville det bli trekt ein stor ryggsekk. Viss kommunestyret seinare kom til å bruke eitt av forslaga, vil det bli ekstra premiert.

Asbjørg Rebni, Gaupne, var den heldige som vart uttrekt som vinnar av ryggsekken. Og no er det mange som lurer på om sekken har rett storleik i høve til vinnaren?

Luster Sparebank delte ut 10 kultur- og næringsstipend

- Målet med ungdomsstipendet er å støtte opp om unge mellom 16 og 25 som har ambisjonar, og stipendet går til dei som satsar målmedvite for å ta eit steg vidare innan sang, musikk eller annan

kultur. Vil utvikle seg innan idrett/sport, - eller har gode idear og planar om å drive eiga næringsverksemid, fortel styreleiar Bjarne Venjum til Lustranytt.



Det var Gunnar Ruud (t.v.) og styreleieren som delte ut stipenda på 10.000 kroner kvar under Lustramarknaden. F.v.: Bertine Thorsnes Lefdal (idrett), Ane Øvregard Røhme (idrett), Mai Eli Bolstad (næringsverk), Einar Bolstad (song og musikk), Henning Lad (song og musikk), Mathilde Skjærset (musikk) og Anja Sandvik (musikk). Desse fekk stipend, men hadde ikkje høve til å møte: Ingrid Emmariza Aarskog (musikk), Thomas Schoofs Melheim (musikk) og Ragnhild Myklemyr (næringsverk).

Konsertar

Indre Hafslo Spelemannslag og Einar Bolstad

Indre Hafslo Spelemannslag og Einar Bolstad fekk oppleve sitt største publikum nokon gong då dei heldt ein times føremiddagskonsert under

Lustramarknaden. Om lag 700 personar var tilstades i området Rådhusparken då dei opptredde. Ståande og taktfast applaus då Einar Bolstad avslutta med songen "Den hellige stad". Frå venstre:

Torodd Joranger, John Halvæg, Arne Nesheim, Einar Bolstad, Johannes Harberg og Leon Lunde.



Ivory

Ivory ga årets marknadskonsert med eit allsidig repertoar til eit like allsidig publikum - som stor-kosa seg i rådhusparken. F.v.: Geir Inge Fossøy (gitar/el. piano), Joar Fossøy (slagverk), Terje Teigen (sang), Svein Arve Ruud (bassgitar), Roger Nesheim (gitar/sang).



Konsert i Joranger kyrkje

Også i år var det ein flott konsert med Hafslo songlag, Hafslo mannskor, Einar Bolstad og Egil Einan i Joranger kyrkje Lustramarknad-veka.


LUSTSTRAMMARKA VANDRING

Vandring på Kongevegen



Meir enn 70 personar hadde lagt "søndagstrimmen" til Kongevegen og Olavskjelda i lag med Hafslo sogelag og Luster Pensjonistlag 10. juni.

Hans Moseng, Johannes Lomheim og Kåre Høyheim sørga for eit triveleg arrangement på Kongevegen mellom Okleviki og Årøy.



Skiltinga er "bonussen" med å gå Kongevegen, og gjer turen til ei oppleveling også utanom fellesarrangement.



Sportsbui-stipend

Stipendet på 5000 kroner fra Sportsbui i Gaupne til ein ung og lovande idrettsutøvar gjekk i år til Bertine Thorsnes Lefdal. Det var Knut Magne Bukve som stod for utdelinga.



Geirr Lystrup skapte god stemning og varta opp med eit breidt spekter av sitt rikholdige repertoar for dei omlag femti frammøtte på Bokkafeen under Lustramarknaden 2012.

Bokkafe med Geirr Lystrup

I samarbeid med Luster Folkeakademi arrangerte Luster bibliotek bokCAFÉ med visekonsert ein kveld tidleg i juni. Gjennom ord og tonar fekk visesongaren med dei mange kafégjestane til allsong. Lystrup er ein flott formidlar som også har med seg andre sine tekstar i det allsidige repertoaret. Vi fekk høyre både frå Jacob Sande og Geir Tveit sin produksjon. Dei nesten 50 oppmøtte storkosa seg i den fine sommarkvelden. Lystrup besøkte også omsorgssentre i kommunen og hadde skulekonsert på Hafslo.



Konsertane med Geirr Lystrup på omsorgssentre vart ei alle tider hyggelig oppleving, som her på Gaupne omsorgsenter der til og med sjukepleiarane fekk seg ein svingom....

Vill begeistring på Hafslo barne og ungdomsskule då Geirr Lystrup fekk elevane med på allsong og "akrobatikk" på sangen Sirkus.

LUSTRAMARKNADEN



Stor og flott marknads plass utanfor Pyramiden. Fleire forretningar hadde også flytt ut på gata. Det osa av grillmat og anna godt, og folk storkosa seg. Lustrabadet og fjelltoppen Hest i bakgrunnen.



Evigunge Per Kvam (90) frå Hafslo er alltid på plass når marknadsdagen kjem.



Småskalaverksemder har ein viktig marknad for å presentere sine varer. Underdalsosten har oppdagat potensialet i Lustramarknaden.



Grillmat og Torodd Kvam er som "hand i hanske" på Lustramarknaden.



Maskinparken har vore tradisjonell på Lustramarknaden. Utstillinga har no vakse til begge sider av hovudvegen.



Trivsel og aktivitetar for borna høyrer med.



Startskotet har gått og Rune Opem, I.L. Dalebrand, t.h. og Binyam Golsezei, I.L. Bjørn, t.v. gjekk straks opp i leiinga.

Lustraløpet 2012

Det positive og gledelege med Lustraløpet er at såpass mange ”mosjonistar” som 208 stiller opp i dette fantastiske løypelandskapet. Som om ikkje dette er godt nok så vart alle dei 208 løparane også med i den like fantastiske premiefloraen av 5, 10, 15, 20 og 25 – års premiar. Rune Opem frå I.L. Dalebrand sikra seg ein ny triumf på Lustraløpet, og med tida 32.27 kom han i mål over fire minuttar før neste som var Magnar Stokkebø frå Balestrand I.L. Våre eigne lokale løparar gjorde også ein flott innsats, og satsingspokalen frå Luster kommune gjekk i år til Ole Christian Molland (tid: 41,14) og Bertine Thorsnes Lefdal (42,25) begge frå I.L. Bjørn.

Vinnarane av kommunen sin satsingspokal til unge talent gjekk i år til Bertine Thorsnes Lefdal og Ole Christian Molland, begge frå I.L. Bjørn.



Mini Gammeltoft-Hansen, Anita Halvorsen og Vivianne Kvam presenterte seg som dei 3 spreke husmødrene frå Hafslo, og utfordra alle andre ”husmorlag” til å mælda seg på neste år.



Sommarles 2012

15. juni – 31. august

Luster bibliotek inviterer alle mellom 6-13 år til å delta i konkurransen om å bli sommarens leseløve. Sommaren er ei fin tid for lesing. Les sjølv, eller finn nokon som kan lese for deg. Du kan lese både bøker, teikneseriar og høyre på lydbøker. Hugs at biblioteket òg har bøker som er lette å lese.

På biblioteket får du eit lesekort. På lesekortet skriv du inn alle bøkene du har lese i sommar. Du må lese minst 5 bøker for å

vere med i trekning av premiar. Premie blir gitt til dei tre som har lese mest. Det vil og bli trekt tilfeldige vinnarar mellom alle dei som deltek.

Det er muleg å hente lesekort heile sommaren medan konkurransen pågår.

- 1.premie: Gåvekort kr 500
- 2.premie: Gåvekort kr 300
- 3.premie: Gåvekort kr 200
- 4.-10.premie går til tilfeldig uttrekte deltakarar.



Vinnarane med klassen sin vil bli invitert på isfest i biblioteket. Ordførar overrekker premiane. Fristen for å levere lesekortet er 1. september.
God lesesommar!

Draumestipend til Norill Terese

Under kulturskulekonserten på Hafslø 6. juni fekk Norill Terese Nordheim det prestisjefylte Draumestipendet.

Dette er niande år på rad at Norsk Tipping og Norsk kulturskoleråd samarbeider om å dele ut ein hel million kroner til talentfull ungdom i 100 kommunar. Kvart stipend er på 10 000 kroner. – Norsk Tipping og Norsk kulturskoleråd er opptekne av å styrke det kulturelle mangfaldet over heile landet. Saman har vi tru på at Drømmestipendet bidreg til at talentfulle barn og unge får inspirasjon og oppmuntring til å dyrke talentet sitt, seier prosjektleiar Lars Emil Johannessen i Norsk kulturskoleråd.

Framtidsplan

- Planen min framover er å fortsetja å spela toradar og forhåpentlegvis gje ut ei plate og reisa rundt å spela musikken min slik at folk for sjå kva eg driv med. Til hausten blir det folkehøgskule i Voss. Dei har eit samarbeid med Ole Bull Akademiet som gjev meg sjansen til å få arbeida med dei, fortel Norill Terese til Sogn Avis.





Barbro Nyhus mottok Kulturdagsprisen av Erling Bjørnetun.



Einar Bolstad imponerte ein fullsett festsal på Fjordstova, til tonefylge av distriktsmusikar Joakim Alselmby.

Kulturdagane 2012

Med over 500 frammøtte opna Kulturdagane 2012 på Skjolden ei fenomenal pinsehelg med eit yrande folkeliv og flotte kulturopplevingar. Kulturdagsprisen vart tildelt Barbro Nyhus som gjennom mest alle 25 arrangementa har stått for bilet dokumentasjon, frukostarrangement og utstillingar.

Skjolden bygdelag har ein godt samansveisa arrangementskomité som ikkje er redde for å ta eit tak, og som evnar å skape sosiale møteplassar med spennande kulturinnslag.

Avslutningsarrangementet vart ei

stor oppleving med flotte konsertinnslag der både folkedansarane Lars og Sigrun Vigdal i lag med Kjell Einar Ormberg på trekkspel og toradar, Stein Bugge Næss med lysbilete frå Fuglesteg og sist, men ikkje minst solosang av Einar Bolstad imponerte ein fullsett festsal på Fjordstova. Utfordringa for denne type arrangement ligg likevel i å evna å fornye seg i form av fleire alternative programinnslag og programkrefter. Korleis møte dei neste 25 åri handlar også om å sjå Skjolden som eit kulturelt sentrum i ein større region.



Sigfried Beathe Myklebust presenterte Skåri som ei av dei "nye" opplevingane.

Kultur – trivsel og miljø er eit godt slagord som må kunne klinge i vide krinsar...



Folkedansarane Lars og Sigrun Vigdal i lag med Kjell Einar Ormberg på toradar.



Snikkela – koret storkosa seg på utescena, og det gjorde publikum òg.



Temamøte om demens

Nasjonalforeningen Gaupne helselag arrangerte temamøte om demens i november i fjor på Gaupne omsorgssenter.

Nasjonalforeningen for folkehelsen har demens og hjerte som satsingsområde i handlingsplanen 2010-2014. Det er viktig å få auka kunnskap om sjukdommen.

Asborg Leirdal Kjærvik leia temamøtet. Høgskulelektor

Merete Dale snakka om sjukdommen. Hennar bodskap var at det er viktig å få utredning og rett diagnose for å setja i gang tiltak som kan gjera det lettare for den som har sjukdommen og deira pårørande.

Demensteamet v/Kari Ødegård fortalte om korleis teamet arbeider her i Luster. Kristin Sie fortalte om tilbodet på Sie gard. Kristin og Gunnar Sie driv Inn

på tunet tilbod på Sie på Mollandsmarki.

Asborg leia trimmen til "Toner frå glemsebens skoger". Det var matøkt med kjempegode rundstykke frå ATS og kaffi/te. Det var gode samtalar ved kaffibordet.

Dette var ein lærerik kveld for dei som møtte fram.



Kvardagsglede

Elevane frå Helse- og sosiallinja ved Luster

Vidaregåande skule hadde mandag 14. mai aktivitetsdag på omsorgssentera på Hafslø og i Sogndal og i Furuli- og Rones barnehagar.

Elevane som har søkt Helsefagarbeidarlinja neste år var på omsorgssenter, og dei som har søkt Barne- og Ungdomsarbeidarlinja var i barnehage.

Dagen var godt planlagt, elevane hadde baka bollar, laga vaflar og rullekake og sett saman aktuelle opplegg for dei ulike brukargruppene.

I barnehagane var det 5-6 åringane som fekk tilbodet. Programmet føregjekk inne og ute. Det var ulike leikar og konkurrsar (hugseleikar, ballbinge og sangleikar). Diplom vart utdelt til alle. Borna var ivrige, engasjerte og alle ville vere med. Bollar og saft var populær servering. På omsorgssentra viste dei eldre stor glede ved å få besøk, og alle tok del i aktivitetane. Særleg i ballongleik var deltakarane ivrige, og fekk trim for både armer og bein. Det var mykje song som alle kunne, quiz og ulike spel. Damene fekk tilbod om å pynte seg med neglelakk til 17. mai, noko dei fleste sa ja til og det vart mykje latter og glede.

Kaffi, kaker, kjeks og frukt mellom øktene kom vel med, og elevane var velkomne attende så ofte dei kunne.



Bjørg Hovland inviterer til Bunadsutstilling

Legg gjerne søndagsturen til Dalsdalen og gamlestova på Øygardane i sommar og bli kjend med lokalhistorie og drakthistorie i eit særeige miljø.

Utstillinga av bunader har alltid litt nytt, og litt attåt. I år syner nokre døme at Applikasjon med leggsaum er eit særtrekk i Sogn. Og kva er eigentleg rekonstruksjon, og kvifor?

Kr. 50,- + kaffi i ein rosekopp med litt heimebakst.

Ope søndagane frå 17. juni til og med søndag 19. august, kl. 14.00 - 18.00.

Besök utanom kan avtalast. Tlf. 57685300- 46813871.



Applikering i sognetradisjon. Kopi av barnehue fra Vik Sogn.

Familien hans "Sølfest" og ho "Lukris" er heime att etter å ha representert Luster og Sogn på Landsmøtet til Norges Husflidslag i Førde.



Skifte av vertskap på Skogadalsbøen

Frå og med påska i år tok ekteparet Marit Høgheim og Olav Kjell Moen frå Årdal over styraransvaret på Skogadalsbøen turisthytte etter Marit og Kjell Hjellødegård som har vore styrarar der siste 8 åra.

Det avtroppande styrarparet opplyser til Luster kommune at dei har hatt 8 fantastiske år på Skogadalsbøen og ber oss om å formidla stor takk til alle sogningar dei har hatt glede av å samarbeida med desse åra. Dei har no teke på seg styraransvaret på Snøheim på Dovre og

ønskjer alle friluftsglade sogningar velkomne dit.

Sommarsesongen startar 22. juni. Dei ser fram til å vidareføra dei godt innarbeidde tradisjonane til beste for gjestene på "Bøen".

Luster er ein stor friluftskommune som legg vekt på god tilrettelegging for friluftslivet. Skogadalsbøen har ein viktig funksjon i så måte. Kommunen ønskjer det nye vertskapet lukke til med arbeidet dei har teke på seg.



Rafting i Jostedøla.

To flinke polske snikkarar som jobbar for Sogn Bygg AS. Her i ferd med å lage dusj og toalett for rafting-deltakarane.



Jostedal raftingsenter

Andy Cullens har drive med kajakkturar på Styggevatnet og Tunsbergdalsvatnet sidan 2005. I tillegg til kajakkopplevinga er det og lagt opp til breturar på Tunsbergdalsbreen og Austdalsbreen. I 2009 kjøpte Andy ein del raftingutstyr, og 2009 vart ein "prøvesesong" for rafting i Jostedøla. I 2010 var fyrste ordinære driftsår for rafting i regi av Andy Cullens i Jostedøla. Erfaringane var gode. Andy har guidar med erfaring frå nokre av dei mest kjende raf-

tingelvane i USA, New Zealand og Nepal. Dei vurderer Jostedøla som ei elv med store kvalitetar. Deler av elva er roleg og eigna for familiær med barn ned til 8 år, medan andre deler av elva er for proffar. Andy har no utvikla eit "raftingsenter" i samarbeid med Laila Gjerde på Jostedal Hotell. Det er investert i underetasjen på Jostedal Hotell i oppgradering/tilrettelegging for tørkefasiilitetar, omkledningsrom, garderoobe/dusj og

mottaksområde/resepsjon/samlingsrom for dei som deltek på rafting. Det er aukande etter-spørsel etter rafting, også av lokale folk. Raftingselskapet heiter "Riverpig", eller på norsk Elvepurka. Alle jostedøler veit i alle fall godt om Elvepurka. Andy har og eit samarbeid med Astrid Gjerde og Jostedal Camping. Alle raftingturanane har startpunkt på Jostedal camping. Sommaren 2012 vil det vere over 10 guidar i jobb på kajakk og rafting.

Avtroppande styrarpar på Skogadalsbøen, Kjell og Marit Hjellødegård, til venstre. Det nye styrarparet, Marit Høgheim og Olav Kjell Moen, til høgre.



Ta eit tak – aksjon for "hedle-rudling"!

Stovehuset i Hestaskårane skal få att hedletak med villskifer.

I tråd med planar, finansiering og tilskot frå m.a. Kulturminnefondet, Luster sparebank og Luster kommune, er stovehuset under full restaurering innan utgangen av året.

Huset blir restaurert mot slik det var kring 1900. Hestaskårane er truleg den eldste kjende husmannsplassen i landet, og står om lag slik den var inntil siste husmannen vart sjøveigar.

17 husmannsfamiliar budde her frå 1600-talet og fram til kjøpet i 1902.

Tunet og bygningane står uendra på sin opprinnelige plass, prega av gjenbruk og nøysemd. Stove og uthus er samanbygde, ein gamal langhus-tradisjon som er borte.

Luster sogelag og Luster bygdekvinnelag samarbeider og har ansvar for restureringsprosjektet som er eit stort løft for desse to laga. Målet er også at taket skal tekkast med villskifer slik det opphavleg har vore og til liks med "nyeløa" i tunet. Til dette trengst det mange TAKHEDLER. Kringom i Luster står det sikkert mange hedler som ikkje lenger er i bruk og som igjen kan koma til god nytte på eit gammalt hus.

Difor set me i gang,- ikkje kronerulling, men "hedlerudling"!

Luster sogelag femner om gamle Luster herad, men me vender oss til alle som er interesserte i vår felles historie, alle som vil vera med å gje, - ei hedla - to hedler, fem eller fleire.

Transport er ikkje problem. Dette er eit høve der alle kan utfordra kvarandre og vera med på ein felles dugnad.

Forutan "munn til munn metoden" vil informasjon om dugnadsarbeid, lister og resultat, blir gjort kjent gjennom lokalavis, radio og på nett, så fylg med!

Har du tak heller du vil gje til Hestaskår-restaura ringa, kan du kontakta: Astrid Fjøsne tlf 91 56 25 33- epost: astridfjoesne@hotmail.com eller Bjørg Hovland tlf – 57 68 53 00 / 46 81 38 71epost: gudl-hov@online.no



Kulturminnedagane

4. - 9. september

Ein av dagane i veke 36, vil Luster sogelag安排 ei vandring med historie. Temaet i år er MØTEPLASSAR, og møteplassar er så mangt. Sogelaget vil markera litt av både det gamle og det nye i Luster, - frå kyrkjebakken og bryggja, til Ekservollen og skuleplassen, til butikken og Lustrabui. Fylg med på kunngjeringar når det nærmar seg.



Ein møteplass som er historie: Taubanestasjonen med gamle taubana på Lyster sanatorium. Harald Kvalsøren og Alfred Mo med pipe, kvinna er Kari Lægreid. (Faster til Vidar Lægreid).

Breheimsenteret sommaren 2012

Alle veit at Breheimsenteret brann ned sommaren 2011. No er det nye Breheimsenteret i ferd med å bli bygd. Same utsjånad som før, men med nokre innvendige tilpassingar. Det vert også nye og spennande utstillingar, men med same hovudtema som dei gamle. Nye Breheimsenteret skal vere klart til 1. mai 2013.

Sommaren 2012 er Breheimsenter-aktiviteten flytt til parkeringsplassen ved branntomta. Her er det rigga eit solid telt med kjøkkenfasilitetar i brakke inntil. Her kan folk få servering; varm og kald mat, ting turar på bre, kajakk og rafting, kjøpe suvenirar i ein ny suvenirbutikk og det er turistinfo. Altså omlag som før brannen.

Breheimsenteret ynskje gamle og nye kundar velkommen til Breheim-teltet.



Olsokmarknaden i Fortun – 25 år

Helga 28. – 29. juli 2012 håpar me mange finn vegen til Fortun og feirar 25-årsjubileet med oss. Me har eit flott og variert program, fortel Aud Øygard i Olsoknemnda til Lustranett. Marknaden opnar kl.11.30 på laurdag. Dei som ynskjer vera med på "Fuglesteg opp" må møta ved Grendahuset kl. 10.00. IL Fanaråk arrangerer løpet/turen.

Til marknaden kjem det mange tilbydarar med varer av mange slag: Husflid, glaskunst, anti-kvitetar, tresløyd, bakevarer, ost, bær og grønsaker og mykje meir! Me har kunstutstilling med Signe Fortun Weka og

Oddvar Fyllingsnes m.fl. inne i gamleskulen. Nytt av året er loppemarknad der ein kan gjera eit kupp! Fortun 4H blir på plass i Krukla så det er muleg å få seg ein klatretur på Trollstein. Laurdag blir det sal av rømmegrøt i Grendahuset.

Jubileumskonserten blir i Fortun Kyrkje laurdag 28. juli kl.17.00 og den må du ha med deg. Åshild Mundal med musikkarar kjem og vil gi oss ei flott oppleving. Søndag kl. 11.00 opnar marknaden med gudsteneste ute på historiske tufter, der Fortun gamle stavkyrkje ein gong stod. Salsutstillingane og marknaden

elles opnar kl. 12.00. Begge dagane blir det sal av grillmat, kaffi og kaker m.m. Mona Nyløy m.fl vil ha agilityoppvisning ved Grendahuset søndag. Elles er Annemor på plass med tombolaen sin begge dagane og det blir også litt godsaker for ungane. Loddsal og trekking av fine gevinstar ved avslutninga av marknaden søndag. Stein Bugge Næss kjem med flotte lysbilde frå Fuglesteg som han syner på søndag ettermiddag. Me ynskjer alle hjartelig velkomne til ei trieveleg og sosial marknadshelg i Fortun, "ved foten av Jotunheimen", avsluttar Aud Øygard.



Olsokmarknad-konserten 2012:

Åshild Mundal

I år har me vore så heldige å få Åshild Mundal til konserten i Fortun kyrkje under Olsokmarknaden. Ho har vaks opp på Hafslø, men bur no i Trøndelag. Ein av songane hennar, "Lukklegaste i verdi", vart Årets fylkestopp i Sogn og Fjordane i 2011. Debutalbumet "Fritt fall" kom i fjor haust, sett saman av materiale ho har laga sjølv.

Konserten vert laurdag 28. juli 2012 kl. 17.00 i Fortun kyrkje. Billettpris kr. 200. Førehandssal på Coop Fortun, og ved inngangen til kyrkja frå kl. 16.00.



Arkivfoto: Kåre Steinar Skagen

Fanaråken Opp

11. august har arrangør IL Fanaråk glede av å invitere til den 10. utgåva av motbakkeløpet Fanaråken Opp. I år får alle deltagarar ein flott spesialdesigna 10-årsjubileums-Buff i tillegg til den store Fanaråken Opp-medaljen ved målpassering på Fanaråken 2.068 moh!

Frå løpet i 2011. Foto: Anne Jenny Dvergsdal.



Hafslo Aktiv informerer:

Konsert i Hafslo samfunnshus 12. august
Søndag 12. august kl. 15.00 vert det konsert i Hafslo samfunnshus med Åshild Mundal m/band. Pauseunderholdning v/Einar Bolstad. Bilettar vert lagt ut for sal i Hafslo og Gaupne frå slutten av juli.



Åshild Mundal besøker "heimbygda" Hafslo med konsert 12. august.



Birger Meland skal vere konferansier og dansemusikar under Haustmarknaden

Haustmarknad på Hafslo 15. september
Tradisjonen tru vert det også i år arrangert Haustmarknad på Hafslo. Arrangementet føregår i Hafslo sentrum. Dagen startar med gratis frukost kl.09.00. Deretter vert det konkurranse med sykkelløp Hafslvatnet rundt. Vidare er det salsabilder, underhaldning med konferansier Birger Meland, sykkelløp for dei minste og lotteri. På kvelden vert det dans på Eikum hotell til musikk av Birger Meland.
Set av dagen allereie no.

Ny busslomme på Skjolden

I mai vart den nye busslommen og gangfeltet på fv.55 i Skjolden ferdigstilt.

Luster kommune fekk i 2011 tildelt fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar til tiltaket. Dei tildelede midlane utgjer omlag halve kostnaden, og resten er betalt av kommunen.

Kostnadsoverslaget for anlegget var vel 400.000 kroner.

Br. Lomheim har utført eit godt arbeid for kommunen.



Aktivitetskalenderen

Dette er arrangement som er innlagt i Aktivitetskalenderen på heimesida til Luster kommune pr. 11. juni. Vi oppfordrar alle som ynskjer

å publisere arrangementa sine om å gå inn og legge dei inn der. Sjekk om nye arrangement er lagde inn.

<i>Tidspunkt</i>	<i>Arrangement</i>
Laurdag 16. juni kl 13:00	Galleri Walaker 300 med ny utstilling Arrangør: GALLERI WALAKER 300 Stad: Solvorn
Laurdag 30. juni kl 06:00 -	Den årlege kryssinga av Jostedalsbreen Arrangør: LUSTER TURLAG Start med buss frå Hafslo sentrum kl. 06.00 Påmelding seinast onsdag 27. juni til tlf 57 68 65 00
Laurdag 30. juni kl 18:00	Jazz ved foten av unike fjell Arrangør: TURTAGRØ HOTEL Stad: Turtagrø Hotel
Sundag 1. juli kl 12:00 - 15:00	Tungestølstemne Arrangør: SOGN OG FJORDANE INDREMISJON Stad: Tungestølen
Laurdag 7. juli kl 09:00	Smak av ord med mat i Hurrungane Arrangør: TURTAGRØ HOTEL Stad: Turtagrø Hotel
Laurdag 7. juli kl 12:00 - 16:00	Slåttedag Arrangør: HAFSLO SOGELAG, FLUGANEMNDI Stad: Husmannsplassen Fluga på Hafslo
Onsdag 11. juli kl 18:00	På historiske vegar med Luster sogelag – Mørkrid Arrangør: LUSTER SOGELAG Stad: Tunet til Kjell Einar Ormberg
Torsdag 12. juli kl 09:00 – Sundag 15. juli kl 16:00	Foto workshop med Sverre Hjørnevik Arrangør: TURTAGRØ HOTEL Stad: Turtagrø Hotel
Laurdag 14. juli kl 13:00	Ny utstilling på Galleri Walaker 300 (sommar og haust) Arrangør: GALLERI WALAKER Stad: Galleri Walaker 300
Onsdag 25. juli kl 18:00	På historiske vegar med Luster sogelag – Fortun Arrangør: Luster sogelag Stad: S-laget i Fortun
Laurdag 28. juli kl 17:00	Olsokmarknad i Fortun Arrangør: Olsokkomiteen Stad: Fortun

Laurdag 28. juli
kl 09:00 - 11:00

Fuglesteg opp
Arrangør: IL FANARÅK
Stad: Fortun Grendahus

Laurdag 11. august
kl 07:30

Fanaråken opp
Arrangør: IL FANARÅK
Stad: Turtagø - Fanaråken

Onsdag 15. august
kl 18:00

På historiske vegar med Luster sogelag – Turtagrø
Arrangør: Luster sogelag
Stad: Tippen under Røde Kors-hytta, Turtagrø

Sundag 19. august
kl 10:00

Sognefjellsmarsjen
Arrangør: IL FANARÅK
Stad: Krossbu - Herva - Turtagrø

Sundag 2. september
kl15:00

På historiske vegar med Luster sogelag – Urneskroken
Arrangør: Luster sogelag
Stad: Parkeringsplassen på Ornes

Fredag 7. september
Kl 12:00 –
Sundag 9. september
kl 16:00

Turtagrø Fjellfilmfestival
Arrangør: TURTAGRØ HOTEL
Stad: Turtagrø Hotel

Tysdag 11. september
kl 18:00-21:00

Husflidsmøte
Arrangør: LUSTER HUSFLIDSLAG
Stad: Kroken

Laurdag 15. september
kl 20:30

Konsert med Tom Hugo
Arrangør: TURTAGRØ HOTEL
Stad: Turtagrø Hotel

Torsdag 27. september
kl 09:30

Karius og Baktus
Arrangør: LUSTER BIBLIOTEK
Stad: Hovudbiblioteket

Fuglesteg - opningstider

30. juni til og med 12.
august: Kvar dag.
18. august til og med 9.
september: Kvar helg,
laurdag og søndag.
Servering frå 11 til 17.



I samarbeid med Luster Røde Kors Hjelpekorps arrangerte turlaget 2. pinsedag helikoptertur for dei som hadde lyst å sjå husa i Fuglesteg etter restaureringa, men som av ulike grunnar ikkje kunne klara å gå opp dei bratte bakkane. Det var stor respons om plassane og etter kvart vart det venteliste. Mykje folk elles hadde også lagt turen til Fuglesteg i det flotte veret og turlaget rekna med at det i løpet av dagen var mellom 400 og 500 menneske inne på tunet.



Nasjonalforeninga for folkehelsa og Hjartevaka

Gaupne Helselag har i tråd med Nasjonalforeninga sine reningslinjer markert "hjartevaka" med ein turmarsj torsdag 10. mai og ein stand på kjøpesenteret "Pyramiden" i Gaupne laurdag 12. mai.

Torsdag 10. mai vart ein strålande solskinsdag, og heile 42 deltakarar gjekk turmarsjen. Langs ruta var det oppsett "Quiz" med heile 20 spørsmål. Her var det å svare på mange spørsmål om hjarta med meir. Ein del born deltok og på marsjen. Det vart i det heile ein trieveleg ettermiddag for store og

små. Premien etter fullgått tur var flotte spyd fylt med freistande frukt av mange slag. Frukta var sponsa av PRIX. Ungane fekk Petter Puls hoppetau i premie.

Laurdag 12. mai hadde Gaupne Helselag stand på Pyramiden. Saman med deltakarane til Gaupne Helselag hadde ein denne gongen barnefysioterapeut Carla Navarro. Ho er særslig engasjert i borna si helse. Ho har sett i gang eit aktivitets- og informasjonskurs for elevar med foreldre ved grunnskulane rundt om i kommunen. Ho har

motteke gode tilbakemeldingar for dette tiltaket.


Ved standen var det sal av hjartelodd, dessutan mykje godt i form av frukt og grønsaker.

Rikeleg med brosjyrar utgitt av Nasjonalforeninga for folkehelsa var og tilgjengeleg. I tillegg hadde Gaupne Helselag utdeling av skriv om helselaget sine aktivitetar og tiltak i året som gjekk. Raude hjarteballongar var òg noko ungane sette pris på. Den nye brosjyren til Gaupne Helselags vart òg utdelt. Mange av dei handlande var bortom standen for ein prat og for loddkjøp.

Gaupne Helselag er knytt til Nasjonalforeninga for folkehelsa. Dette er ein stor landsomfattande organisasjon som arbeider for god helse for heile folket. Nasjonalforeninga gir ut ei mengde gode informasjonsbrosjyrar som ein får gratis.

Nasjonalforeningen sitt motto er: "DI HELSE - VÅR HJARTESAK"

Hjarteleg takk



Hjarteleg takk for minnegåvame fekk i høve
Kristen Ormbergstøl
si gravferd.

Helsing
Luster sjukeheimsteneste avd. Gaupne
Margrete Søhoel Røneid
Avdelingsleiar

Jostedalsbreen nasjonalpark 20 år

Laurdag 16.06.2012 var det 20 år sidan dåverande miljøvernminister Torbjørn Berntsen offisielt opna Jostedalsbreen nasjonalpark. Markeringa i Luster var med taukutting i Bergsetdalen. Formelt vart nasjonalparken oppretta av Kongen i statsråd 25. oktober året før (1991).

I dag er Jostedalsbreen nasjonalpark den mest besøkte nasjonalparken i Noreg med fleire hundre tusen besökande. Det er også den einaste nasjonalparken med tre nasjonalparksenter som til saman har over hundre tusen besökande.

Fredag 15.06.2012 markerte Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 20 års jubileet under Brefestivalen i Jostedal med foredrag, kaffi og kake på Jostedal Hotell. Tom Dybwad og Anne Rudsengen fortalte om bakgrunnen for opprettninga av nasjonalparken, endringane over tid og tiltak som er gjennomført. Begge har følgt utviklinga tett som forvaltar og oppsyn. I tillegg var André Horgen, høgskulelektor, komen opp frå Bø for å fortelje om brevandringa på Jostedalsbreen. Han tok oss med tilbake til dei første skriftlege kjeldene om brevandring på midten av 1600-talet og viste endringa frå nytteferdsel til fri-luftslivet slik vi kjenner det i dag. Historia omhandlar blant anna friarferd, forbrytarflukt, kyrkjegong, Brennevinsgrova, Det offentlege vegvisarvesenet og Slingsby. Horgen si hovudoppgåve om dette og mykje anna bakgrunnsstoff ligg til gjengeleg på Jostedal Historielag sine heimesider.

Som i eit kvart jubileum vart det servert kake; kunstnarisk utforma og oppskoren med isøks av styreleiaaren i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, Ivar Kvalen. Kvelden vart avslutta med quiz med stor vekt på jubilanten, Jostedalsbreen.

Som i eit kvart jubileum vart det servert kake; kunstnarisk utforma og oppskoren med isøks av styreleiaaren i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, Ivar Kvalen.



Tom Dybwad og Anne Rudsengen fortalte om bakgrunnen for opprettninga av nasjonalparken, endringane over tid og tiltak som er gjennomført.



5. - 7. klasse på Jostedal skule har eit fotoprosjekt gående i lag med naturarvprosjektet i Luster. Elevane skal mellom anna følge bygginga av Breheimssenteret med kamera. Under Brefestivalen synte dei fram både fotodagbok om forebuingane og eigen fotoutstilling frå nærmiljøet. Neste høve til å sjå desse flotte bileta vert under Fjellfilmfestivalen på Turtagrø 7. - 9. september.

Biblioteket har fått ny heimeside

Framsida på biblioteket sine sider.

Her kan du søke i biblioteket sin mediebase direkte på sida eller logge deg på ”mi side” for å administrere låna dine.

Her finn du elles informasjon om biblioteket og linkar til anna nyttig informasjon og oppslagsverk.

Knapp til Biblioteket sine eigne sider frå hovudsida til Luster kommune, www.luster.kommune.no.

RSS

Du kan få direkte boktips frå biblioteket ved elektronisk abonnement. Du finn RSS under kolonne for bokanbefalingar.



Storlesarar

Fjerde klasse på Gaupne skule er storlesarar og besøker biblioteket minst ein gong i veka.



Marife Thune er blitt norsk statsborgar

Saman med ordførar Ivar Kvalen og familien sin, deltok Marife på ein flott statsborgarseremoni på Sunnfjord hotell i april. Arrangementet var i regi av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. 51 nye statsborgarar frå 14 kommunar og 17 opphavsland deltok.

Seremonien vart gjennomført på Rica Sunnfjord Hotel i Førde, og inneholdt talar, kulturinnslag, truskapsløfte, utdeling av gåvebøker, allsong og til slutt lunsj.

Direktør for Førde Internasjonale Folkemusikkfestival, Hilde Bjørkum, heldt gjeste-

talen til dei nye statsborgarane. Bjørkum la mellom anna vekt på at deltaking i arbeidsliv og frivillige organisasjonar er viktig for inkludering i lokalmiljøet, og for at vi som samfunn skal verte meir kulturelt og mangfaldig.

Ny statsborgar i Luster er Marife Thune, busett på Hafslo. Ho er gift med Per Ove Thune og dei har 3 gutter. Marife er frå Manila på Filipinene, og har no budd i Noreg i 10 år. Ho er tilsett i Luster kommune på Hafslo omsorgssenter.

Gratulerer til Marife og familien!



Returadresse:
Luster kommune,
N-6868 Gaupne, Noreg/Norway

NORGE

P.P.



Offentleg bading

Badebassenga i Luster har desse opningsidene:

FJORDSTOVA, SKJOLDEN • tlf. 57 68 67 44

tysdag	kl 18.00 – 21.00	Opningstider sommar:
fredag	kl 18.00 – 21.00	24. juni – 12. august
søndag	kl 16.00 – 19.00	Alle dagar unntatt måndag: kl 15.00 – 18.00.

JOSTEDAL SAMFUNNSHUS • tlf. 57 68 59 68 / 69


tysdag	kl 18.00 – 21.00
onsdag	kl 17.00 – 18.00 LHL og andre
	kl 18.00 – 19.00 Familiebadning
	og funksjonshemma
	kl 19.00 – 20.00 Revmatikarar

Bassenget er stengt når elevane har skulefri.

LUSTER UNGDOMSSKULE

måndag	kl. 17.00 - 21.00
onsdag	kl. 17.00 - 21.00

Bassenget er stengt når elevane har skulefri.



Bibliotek

HOVUDBIBLIOTEK

GAUPNE tlf. 57 68 56 53

Måndag stengt

Tysdag 10.00-16.00

Onsdag 10.00-16.00

Torsdag 10.00-17.00

Fredag 10.00-16.00

Laurdag 11.00-14.00

HAFSLO tlf. 57 68 23 33

Måndag: 09.00 - 16.00

Tysdag: 09.00 - 15.00

Onsdag: 09.00 - 15.00

SKJOLDEN tlf. 57 68 67 92

Frå 01.01.2011: Partalsveker:

torsdag kl 08.30-14.00.

Oddetalsveke 1:

tysdag kl 16.30-19.30

Oddetalsveke 2: stengt.

VEITASTROND

Måndag: 13.30-15.30

Opningstid i sommar

Hovudbiblioteket har følgjande opningstid i veke 25-33:

Tysdag-fredag: kl 10:00-15:30.

Avdelingane Hafslo og Veitastrond har stengt i skuleferien.

Avdeling Skjolden er open for sjølvbetening når turistinformasjonen er open.






**Følg Luster kommune
på facebook**

LUSTRAnytt

Nr. 2 - 2012

Opplag: 4.500. Vert distribuert gratis til alle husstandar i Luster kommune og til abonnementar utanfor kommunen. Magasinet vert også sendt til alle avdelingar på Lærdal sjukhus og Sentralsjukehuset Førde. • Redaksjonen for dette nummeret vart avslutta 18. juni 2012.

Ansvarleg redaktør: Rådmann Jarle Skartun
 Redaksjonen er lagt til Servicetorget
 v/leiar Anita Bjørk Ruud.
 Alle tenesteeiningar har informasjonsansvar, og er
 bidragsytarar til redaksjonen.
 Tilbakemeldingar, tips osv. kan gjevest til nemnde
 adresser.

Redaksjonen si adresse:
 Luster kommune, Lustranytt, Rådhuset, 6868 Gaupne.
 Tlf. 57 68 55 00 Faks: 57 68 55 01
 E-post: postmottak@luster.kommune.no
 Layout/trykk: Ingvald Husabø Prenteverk as.
 Tlf. 57 65 60 05

Framsidefoto: BesteBakken vart Årets bedrift 2012. Fra venstre ordførar Ivar Kvalen, Lindis og Odd Geir Alme. Utdelinga skjedde under Lustramarknaden 2012. Foto: Torodd Joranger.

Viktige telefonnummer

Helsesenteret/Lege i kontortida

Tlf. 57 68 56 00

Sentralbordet i servicetorget på rådhuset er også sentralbord for kontora på helsesenteret med unnatak for legane, dvs. for fysioterapi, ergoterapi, jordmor, helsestasjonen og psykiatrisk helse.

LEGEVAKT

- snarleg hjelpe utanom kontortida Tlf. 57 68 15 55

TANNLEGEN i Nesgården Tlf. 57 65 63 90

KOMMUNALTEKN. BEREDSKAP Mob. 48 10 21 20

(Veg/vatn/kloakk).

NAV Luster Tlf. 55 55 33 33

Andre viktige telefonnr.: Melding om brann Tlf. 110

Vakthavande brannbefal Mob.: 41 65 94 40

Politi/Lensmann Tlf. 112